



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2003–2004)

FOR BUDSJETTERMINEN 2004

Svalbardbudsjettet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 19. september 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

Innhald

Del I

Innleiing	7
1 Innleiing	9
1.1 Generelt om Svalbard	9
1.2 Bakgrunnen for eit eige svalbard- budsjett	9
2 Mål for norsk svalbardpolitikk	10
2.1 Heilskapleg forvaltning av norske interesser i polarområda	10
2.1.1 Samordne departementa sin politikk i polarområda	11
2.1.2 Leggje til rette for eit godt lokaldemokrati i Longyearbyen	12
3 Forslag til svalbardbudsjett for 2004	13
4 Forslag til løyvingar til svalbardformål frå andre departement over statsbudsjettet (jf. vedlegg 1)	14
4.1 Miljøverndepartementet	14
4.2 Nærings- og handelsdepartementet	15
4.3 Utdannings- og forskningsdepartementet	17
4.4 Finansdepartementet	18
4.5 Samferdselsdepartementet	18
4.6 Barne- og familiedepartementet	19
4.7 Helsedepartementet	19
4.8 Arbeids- og administrasjonsdepar- tementet	20
4.9 Kultur- og kyrkjedepartementet	20
5 Oversikt over foreslegne løyvingar på svalbardbudsjettet for 2004	21

Del II

Dei enkelte utgifts- og inntektskapitla	23
Kap. 0001 Svalbard kyrkje	25
Kap. 0002 Tilskot til kulturelle formål m.m. ...	25
Kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	26
Kap. 0005 Sysselmannen (jf. kap. 3005)	26
Kap. 3005 Sysselmannen (jf. kap. 5)	27

Kap. 0006 Sysselmannen si transportteneste (jf. kap. 3006)	28
Kap. 3006 Sysselmannen si transportteneste (jf. kap. 6)	29
Kap. 0007 Tilfeldige utgifter	29
Kap. 0009 Kulturminnetiltak	29
Kap. 0011 Bergmeisteren	30
Kap. 0017 Refusjon til Norsk Polarinstituttt	31
Kap. 0018 Fyr og radiofyr	31
Kap. 0020 Staten sine bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)	32
Kap. 3020 Staten sine bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)	32
Kap. 0022 Likningsforvaltninga for Svalbard ..	33
Kap. 3030 Skattar og avgifter	33
Kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet	34

Forslag til vedtak om løyving av utgifter og inntekter for administrasjonen av Svalbard for budsjetterterminen 2004	36
--	-----------

Forslag til vedtak om formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2004	38
---	-----------

Forslag til vedtak om bestillings- fullmakt for budsjetterterminen 2004	39
--	-----------

Forslag til vedtak om meirinntekts- fullmakt for budsjetterterminen 2004	39
---	-----------

Forslag til vedtak om avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterterminen 2004	39
---	-----------

Vedlegg 1

Oversikt over forslag til utgifter på Svalbard som blir dekte over statsbudsjettet for 2004	40
--	----

Vedlegg 2

Oversikt over forslag til inntekter til Svalbard som inngår i statsbudsjettet for 2004	42
---	----

Vedlegg 3

Kart over Svalbard	43
--------------------------	----



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2003–2004)

FOR BUDSJETTERMINEN 2004

Svalbardbudsjettet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 19. september 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

Del I
Innleiing

1 Innleiing

1.1 Generelt om Svalbard

Svalbard omfattar alle øyar, holmar og skjer mellom 10 og 35 grader austleg lengd og 74 og 81 grader nordleg breidd. Samla landareal er ca. 62 700 km². Rundt 54 pst. av øygruppa er dekt av isbrear. Med 39 000 km² er Spitsbergen den største av øyane. Longyearbyen er det administrative sentret på Svalbard.

Svalbardtraktaten av 9. februar 1920 gav Noreg suverenitet over øygruppa, og etter 1925 har Svalbard vore ein del av kongeriket Noreg. Staten sine interesser på Svalbard er tekne vare på av Sysselmannen, som er øvste representant for regjeringa på øygruppa.

Norsk lovgiving gjeld ikkje fullt ut for øygruppa. Etter svalbardlova § 2 gjeld norsk strafferett, privatrett og lovgivinga om rettspleia utan vidare for Svalbard om ikkje anna er bestemt. Andre lover gjeld ikkje for Svalbard, med mindre det er gjort uttrykkeleg vedtak om det. Det kan også gis særskilte føresegner for Svalbard, blant anna er det gitt ei eiga bergverksordning og ei eiga turistforskrift. Alle som besøker Svalbard eller oppheld seg på øygruppa, pliktar å følgje dei lovene og reglane som gjeld.

All busetnad ligg på Spitsbergen, med unntak av dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya. Longyearbyen er i dag den største busetnaden. I følgje befolkningsregisteret for Svalbard er det 1 773 busette i Longyearbyen. Det er vidare oppgitt at det er 913 busette i Barentsburg. Busetnaden i Barentsburg er bygd opp rundt koldrifta til Trust Arktikugol på staden. Pyramiden, som var den andre russiske busetnaden på Svalbard, vart fråflytt i april 1998 då Trust Arktikugol avvikla koldrifta si på staden. Vidare er det i følgje befolkningsregisteret 35 heilårs busette i Ny-Ålesund. All verksemd i Ny-Ålesund er knytt til forskning og forskningsservice. Ved den polske forskingsstasjonen i Hornsund er det registrert 9 busette. I Svea, der Store Norske Spitsbergen Grubekompani driv koldrift, er det registrert 9 busette. (Befolkningstala er pr. 11.06.2003).

Norsk busetnad på Svalbard har tradisjonelt vore knytt til norsk koldrift. Koldrift er framleis

den enkeltnæringa som har flest sysselsette. Det siste tiåret har det likevel skjedd ein monaleg auke i anna offentleg og privat verksemd, særlig innan reiseliv og tilgrensande verksemd. Også innanfor forskning og høgare utdanning har verksemda auka, først og fremst i Longyearbyen og Ny-Ålesund.

1.2 Bakgrunnen for eit eige svalbardbudsjett

Artikkel 8 i Svalbardtraktaten legg avgrensingar på høvet til å krevje inn skattar og avgifter på Svalbard, og bruken av desse midlane. Dette er bakgrunnen for at det blir fremja eit eige svalbardbudsjett.

Samtidig tener svalbardbudsjettet til å gi ei samla oversikt over statlege løyvingar til svalbardformål. Staten yter årleg monalege tilskot for å leggje til rette for nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard, og til tiltak som sjukehus og skular i Longyearbyen. Slike utgifter blir dekte over det ordinære statsbudsjettet under kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslag til løyvingar for 2004 er omtalt nærare under punkt 4 nedanfor, jf. også vedlegg 1.

Svalbardbudsjettet blir fremja som ein eigen budsjettproposisjon frå Justisdepartementet, samtidig med statsbudsjettet. Dei verksemdene som er finansierte over svalbardbudsjettet, gjeld i hovudsak den statlege administrasjonen av Svalbard. Dette er dels verksemd på Svalbard underlagt Justisdepartementet, og dels verksemd underlagt andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får òg løyvingane sine over svalbardbudsjettet.

Det er nær samanheng mellom svalbardbudsjettet og statsbudsjettet. Kvart år gis eit tilskot frå statsbudsjettet til dekning av underskotet på svalbardbudsjettet, jf. St.prp. nr. 1 (2003–2004) Justisdepartementet kap. 480. Tilskotet er inntektsført på svalbardbudsjettet kap. 3035.

Under handlinga av St.meld. nr. 9 (1999–2000) Svalbard slutta Stortinget seg til ønsket frå regjeringa om å føre vidare ordninga med eit eige svalbardbudsjett.

2 Mål for norsk svalbardpolitikk

Overordna mål

Regjeringa sitt overordna mål for svalbardpolitikken vart vedteke i samband med behandlinga av St.meld. nr. 40 (1985–86) om Svalbard og gjenteke i St.meld. nr. 9 (1999–2000). Måla er òg lagt til grunn ved den årlege behandlinga av svalbardbudsjettet. Måla er:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten,
- korrekt overhalding av Svalbardtraktaten og kontroll med at traktaten blir etterlevd,
- bevaring av ro og stabilitet i området,
- bevaring av den særeigne villmarksnaturen i området,
- oppretthalding av norske samfunn på øygruppa.

Måla ligg innanfor dei generelle måla i norsk politikk om å sikre nasjonal tryggleik og integritet, overhalde internasjonale rettsreglar og plikter og arbeide for internasjonal avspenning og fred. Dei

har sikker forankring i nasjonale interesser og haldningar. Dei generelle måla for svalbardpolitikken er òg i samsvar med dei traktatbundne pliktene Noreg tok på seg då suvereniteten over øygruppa vart internasjonalt akseptert, og tener til å møte dei internasjonale forventningane som blir stilte. I ei tid då Arktis tiltrekkjer seg aukande interesse, medverkar svalbardpolitikken til at utviklinga i nordområda kan skje på ein fredeleg måte, og til at konflikhtar blir unngått.

Det er viktig å sjå måla i samanheng. Ei konsekvent handheving av norsk suverenitet innafør ramma av føresegnene i traktaten har vore ein føresetnad for at dei andre traktatpartane har tillit til at øygruppa ikkje blir utnytta i strid med desse føresegnene.

Hovudmål og delmål

Justisdepartementet har følgjande hovudmål og delmål for arbeidet sitt med polarsaker:

Tabell 2.1 Hovudmål og delmål for Svalbardpolitikken

Hovudmål	Delmål
Heilskapleg forvaltning av norske interesser i polarområda	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samordne departementa sin politikk i polarområda 2. Leggje til rette for eit godt lokaldemokrati i Longyearbyen

2.1 Heilskapleg forvaltning av norske interesser i polarområda

For å lette samordningsarbeidet og for å kunne tene det behovet regjeringa har for heilskapleg styring av polarsaker er det under leiing av Justisdepartementet, som også har sekretariatsfunksjonen, oppretta eit eige polarutval. Polarutvalet skal drøfte alle saker som vedkjem forvaltninga av polarområda og kan òg gi rådgevande uttaler til aktuelle departement, eller leggje fram saker for regjeringa. Utvalet møter ca. ti gonger i året, av dette ca. to gonger med deltaking på statssekretærnivå. Polarutvalet består av representantar frå dei mest sentrale departementa (JD, UD, MD, UFD, NHD, FIN, SD, FID) og Norsk Polarinstitutt,

Sysselmannen på Svalbard og Statsministeren sitt kontor.

Allereie i 1965 var det, av dei omsyna som er nemnde ovanfor, oppretta ei eige Svalbardutval. I 1971 vart ansvarsområdet for utvalet endra til også å gjelde dei andre polarområda (Jan Mayen og Antarktis), og namnet vart endra til Det interdepartementale polarutvalet. Hausten 2002 var det fastsett ny instruks for utvalet (sjå rundskriv G-6/2003).

Den nye instruksjonen må sjåast på bakgrunn av at det i løpet av det siste tiåret har skjedd ei desentralisering av ansvar og mynde innanfor dei ulike statlege sektorane. Det har òg vore ein monaleg vekst i privat verksemd på Svalbard. Dette har redusert det høvet styresmaktene har til å drive ei

heilskapleg styring av utviklinga på område av nasjonal interesse, samtidig som ein no står overfor store utfordringar når det gjeld å leggje føringer for den framtidige utviklinga på Svalbard.

Gjennom den nye instruksen har ein søkt å styrke den rådgjevande og koordinerande rolla Polarutvalet har i forhold til dei utfordringane ein no står overfor. Medlemskrinsen til utvalet er utvida og det er bestemt at det skal vere jamleg deltaking frå politisk nivå. Det ansvaret utvalet har for å samordne budsjettsaker, er også søkt styrkt ved at det no følgjer at dei enkelte departementa skal underrette Polaravdelinga i Justisdepartementet om budsjettarbeidet sitt på bestemte tidspunkt fastsette av Polarutvalet, knytt opp mot budsjettprosessen. Dette vedkjem likevel ikkje Finansdepartementets arbeid, rolle og ansvar for budsjettsaker.

Det er òg klargjort i instruksen at Polarutvalet skal drøfte forhold som gjeld forvaltninga av dei statlege eigarinteressene på Svalbard, med sikte på vurdering opp mot andre viktige omsyn i norsk svalbardpolitikk, før det blir treft avgjerd i vedkommande fagdepartement. Slike saker skal leggjast fram for Polarutvalet dersom dei kan ha innverknad for dei områda der utvalet har koordineringsansvar. Det er likevel ikkje meininga at Polarutvalet skal behandle reine forretningsspørsmål som ikkje tangerer andre viktige omsyn i norsk svalbardpolitikk.

Elles stadfester den nye instruksen det koordinerande ansvaret Polarutvalet har i saker som vedkjem utanriks-, miljø-, ressurs-, forskings- og tryggleikspolitikken. Saker på desse områda skal leggjast fram for utvalet, som kan gi ei skriftlig uttale til vedkommande fagdepartement. Polarutvalet kan òg ta initiativ overfor andre departement til behandling og utgreiing av spørsmål. Spesielt kan nemnast at alle lov- eller forskriftssaker som gjeld polarområda, òg skal leggjast fram for Polarutvalet.

At polarsaker blir lagt fram for Polarutvalet endrar ikkje vedkommande fagdepartement si mynde til å treffe avgjerdar og det konstitusjonelle ansvaret vedkommande fagstatsråd har for avgjerda. Formålet med slik framlegging er å sikre at utvalet får nødvendig informasjon og kan drøfte sakene før avgjerda blir teke i vedkommande fagdepartement. Men dersom eit fagdepartement vil avgjere saka i strid med uttale frå Justisdepartementet eller Polarutvalet, skal saka leggjast fram for Regjeringa.

Både Svalbard og Jan Mayen inngår i det arktiske området, og Justisdepartementet deltek derfor i prosessane som går føre seg i regi av Arktisk Råd. Det internasjonale samarbeidet vedrørende Antarktis skjer innanfor ramma av Antarktistrakta-

ten og inneber årlege møte mellom traktatpartane. Lovgivingssituasjonen for dei norske bilanda i Antarktis er spesiell og krev særskilt vurdering i samband med lovgivingsarbeid.

2.1.1 Samordne departementa sin politikk i polarområda

Justisdepartementet la hausten 1999 fram St.meld. nr. 9 (1999–2000) Svalbard. Meldinga vart behandla av Stortinget 6. juni 2000. Meldingsarbeidet involverte dei fleste fagdepartementa, og Justisdepartementet koordinerte arbeidet. Meldinga inneheld ei heilskapleg vurdering av norsk svalbardpolitikk, og det er gjort greie for dei måla, prioriteringane og verkemidla som gjeld spesielt for Svalbard. Stortinget slutta seg i all hovudsak til utgreiinga frå regjeringa. Dette viser at det er stor semje om norsk svalbardpolitikk.

Regjeringa legg stor vekt på å følgje opp dei ulike forslaga som er fremja i meldinga. Fleire departement har ansvaret for oppfølginga, mens Polarutvalet har ei sentral rolle i å sikre ei heilskapleg oppfølging av stortingsmeldinga om Svalbard.

Det interdepartementale polarutvalet representerer ein verdifull kontinuitet og kompetanse i arbeidet med svalbardsaker. Utvalet sine kunnskapar og råd er viktige i Justisdepartementet sitt samordningsarbeid.

Justisdepartementet har leia ei arbeidsgruppe som har vurdert nytt regelverk for innhenting av statistikk om Svalbard. Statistikklova gjeld ikkje på Svalbard, og mange av dei særlovene som dekkjer det behovet kommunane har for lokal statistikk til planlegging og styring av verksemda si, er heller ikkje gjort gjeldande for Svalbard. Det er venta at arbeidsgruppa legg fram rapporten sin hausten 2003. Ei problemstilling som statistikkgruppa har teke opp er mangelen på sentrale register på Svalbard. Det har mellom anna blitt påpeikt at lov om Enhetsregistre bør innførast på Svalbard og at befolkningsregisteret bør betrast. Ei ny arbeidsgruppe, leia av Justisdepartementet, vil hausten 2003 starte opp arbeidet med å vurdere eksisterande og nye register på Svalbard.

Ei arbeidsgruppe under leiing av Justisdepartementet har vurdert spørsmålet om sjøtryggleik på Svalbard. Arbeidsgruppa har elles bestått av representantar for Miljøverndepartementet, Sysselmannen på Svalbard, Sjøfartsdirektoratet og Det norske meteorologiske institutt. Rapporten frå arbeidsgruppa vart lagt fram våren 2003. Arbeidsgruppa har hatt som mandat å vurdere alle sider ved tryggleiken på sjøen, og har utarbeidd eit oversyn over status i arbeidet som er utført eller som går føre seg på ulike hald på området. På bakgrunn

av rapporten vil det i 2003 bli teke initiativ til at det på tvers av departementa blir nedsett kontaktgrupper som skal samordne det vidare arbeidet med sjøtryggleiken på Svalbard.

2.1.2 Leggje til rette for eit godt lokaldemokrati i Longyearbyen

1. januar 2002 vart det innført lokaldemokrati i Longyearbyen i tråd med behandlinga i Stortinget av St.meld. nr. 9 (1999–2000). Longyearbyen lokalstyre har avløyst Svalbardrådet, men har i tillegg fått eit vesentleg vidare ansvarsområde enn det Svalbardrådet hadde. Lokalstyret har fått ansvar for å utøve mynde på utvalde saksområde, for offentleg tenesteyting og for utviklingsoppgåver. I tillegg har Longyearbyen lokalstyre fått ansvar for all infrastruktur i samfunnet som ikkje er tillagt andre. Sentrale samfunnstenester i Longyearbyen har til no vore utførte av det statleg heileigde aksjeselskapet Svalbard Samfunnsdrift AS. Alle aksjar i Svalbard Samfunnsdrift AS vart med verknad frå 1. januar 2002 overførte frå staten til Longyearbyen lokalstyre. Longyearbyen lokalstyre har vedteke ny organisasjonsmodell som trådde i kraft frå 1. oktober 2002. Organisasjonsmodellen byggjer på bestillar-/utførarprinsippet, der strategiske oppgåver, bestillarfunksjonen og utøving av mynde er lagt til lokalstyret i Longyearbyen sin eigen organisasjon. Sjølve tenesteproduksjonen blir kjøpt av andre og då i hovudsak av Svalbard Samfunnsdrift AS.

I medhald av endringar i svalbardlova er det no oppretta forliksråd på Svalbard. Det er dessutan oppretta konfliktråd i medhald av lov om mekling i konfliktråd. Konfliktrådslova er likevel vedteken endra med verknad frå 1. januar 2004. Frå det tidspunktet blir det ikkje eige konfliktråd på Svalbard. Det vil framleis vere høve til å ha eigen konfliktrådsmeklar på Svalbard.

I samband med innføringa av lokaldemokrati i Longyearbyen har Justisdepartementet fastsett tre nye forskrifter som trådde i kraft 1. januar 2002. Forskriftene gjeld saksbehandlingsreglar for Longyearbyen lokalstyre og rettar og plikter for dei folkevalde (saksbehandlingsforskrifta), forskrift om lokalstyreval i Longyearbyen og forskrift om revisjon m.m. for Longyearbyen lokalstyre.

Dei andre lov- og forskriftsendringane og delegasjonsvedtaka som var nødvendige for verksemda til lokalstyret, er òg på plass.

Justisdepartementet vil fremje ein kongeleg resolusjon om fordeling av departementet si mynde etter dei føresegnene i kommunelova som i medhald av svalbardlova er gitt tilsvarende verknad for Longyearbyen lokalstyre. Sysselmanen på Svalbard vil få delegert mynde til å kontrollere at vedtak treffe av lokalstyret er lovlege.

Myndet Kongen har til å fastsetje forskrifter om bygningsvesenet på Svalbard, er delegert til Justisdepartementet. Justisdepartementet har delegert myndet for Longyearbyen arealplanområde vidare til Longyearbyen lokalstyre. Byggesaksforskrifta for Longyearbyen er vedteken.

3 Forslag til svalbardbudsjett for 2004

Budsjettramman på svalbardbudsjettet for 2004 er 169,4 mill. kroner. Dette er ein auke på 18,5 mill. kroner eller 12,3 pst. i forhold til vedteke budsjett for 2003. Underskotet på svalbardbudsjettet for 2004 er stipulert til 119,2 mill. kroner. Underskotet blir dekt inn gjennom eit tilskot over Justisdepartementet sitt budsjett kap. 0480 Svalbardbudsjettet post 50 Tilskot. Tilskotet frå statsbudsjettet utgjer den største inntektsposten på svalbardbudsjettet, og tilskotet som er foreslått for 2004 utgjer 70,4 pst. av dei inntektene som er venta. Inntil 1970 balanserte inntektene i svalbardbudsjettet med utgiftene. Sidan den gongen har det vore naudsynt med eit årleg tilskot over Justisdepartementet sitt budsjett. Dette har variert frå år til år, og har vore auka ved ekstraordinære tilskotsbehov.

Bortsett frå statstilskotet er skattar og avgifter frå Svalbard den største inntektsposten, jf. omtalen under kap. 3030 i del II. Skatteinntektene for 2004 er rekna til 45,2 mill. kroner. Dette er ein auke på 11,7 mill. kroner eller 34,9 pst. i forhold til vedteken løyving for 2003. Inntektene frå skattar og avgifter utgjer 26,7 pst. av dei samla inntektene over svalbardbudsjettet.

Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Ein stor utgiftspost er Sysselmannen si transportteneste (kap. 6), som blant anna inkluderer utgifter til redningshelikopter. Sysselmannen på Svalbard har inngått ny avtale om rednings- og tenestehelikopter frå 1. april 2004, noko som blant anna har auka kostnadene på dette kapitlet. Andre store utgiftspostar er løyving til Sysselmannen si ordinære drift (kap. 5) og Staten sine bygningar i Longyearbyen (kap. 20). For 2004 er det også foreslått løyvd 3,5 mill. kroner til dekning av Telenors samfunnspålagte oppgåver på Svalbard. I svalbardbudsjettet for 2002 vart det oppretta eit nytt kapittel, kap. 3 Longyearbyen lokalstyre. Over dette kapitlet blir det løyvd midlar til drift av lokalstyret (midlar som før vart løyvde over kap. 2), og tilskot til drift og utbygging av offentlege tenester og infrastruktur som Longyearbyen lokalstyre har ansvaret for. Ei oversikt over inntekter og utgifter og ei oversikt over utgiftene fordelt på postnivå er gitt i punkt 5 nedanfor. I del II er det gitt ei nærare omtale av dei enkelte budsjettkapitla.

4 Forslag til løyvingar til svalbardformål frå andre departement over statsbudsjettet (jf. vedlegg 1)

For 2004 er det til svalbardformål foreslått løyvd totalt netto ca. 328 mill. kroner over statsbudsjettet. Dette talet omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet over Justisdepartementet sitt kap. 480, med tillegg av utgiftene til Svalbard som blir dekte over budsjetta til dei andre departementa, jf. vedlegg 1, og med fråtrekk av inntektene frå Svalbard som går inn på budsjetta til de andre departementa, jf. vedlegg 1. Tilsvarende tal var i 2003 ca. 307 mill. kroner.

4.1 Miljøverndepartementet

Sysselmannen utøvar miljøvernmyndet for Svalbard. Etaten har ei eiga miljøvernavdeling og er lokal fagetat for Miljøverndepartementet. Miljøverndepartementet har òg delegert mynde på sentrale område til Direktoratet for naturforvaltning, Statens forureiningstilsyn og Riksantikvaren. Den faglege kompetansen og forvaltningserfaringa i desse direktorata representerer, saman med Norsk Polarinstitutt som er fagleg rådgivar for forvaltninga i polare spørsmål, ei vesentleg støtte til Sysselmannen sitt miljøvernarbeid.

Over budsjettet til Miljøverndepartementet har det dei siste åra vore løyvd i gjennomsnitt omlag 80 mill. kroner til svalbardformål. Det meste av dette går til miljøvernarbeid på Svalbard. Sjå oversikt over løyvingane i vedlegg 1. Det blir òg løyvd midlar til miljøvernarbeid over svalbardbudsjettet kap. 5 Sysselmannen og kap. 9 Kulturminnetiltak. Sjå omtale i del II. Det er teke sikte på å halde oppe nivået på løyvinga over Miljøverndepartementet sitt budsjett i 2004.

Forvaltningsplanen for Bjørnøya naturreservat vart sett i verk i 2003. Vidare vart miljøvernforvaltninga styrkt gjennom å vidareutvikle viktige planverkdokument og databasar til funksjonelt forvaltningsverktøy.

Det er gjort ein gjennomgang av etterkrigsbusetnaden i Longyearbyen for å vurdere verneverdi og behov for formelt vern, og for å dokumentere og vurdere bevaringstiltak for krigsminna. Vidare er det tverrfaglege Isfjordprosjektet ferdigstilt. Opprydding i gruveområdet i Ny-Ålesund er starta, under dette istandsetjing av prioriterte kul-

turminne. Arbeidet vart planlagt og gjennomført i nært samarbeid med Kings Bay AS. Det er òg laga verne- og vedlikehaldsplan for den freda busetnaden i Svea og for Tunheim på Bjørnøya.

Vidare vart det gjennomført informasjonstiltak knytt til implementeringa av svalbardmiljølova med forskrifter.

Planansvarlege starta arbeidet med ny arealplan for Barentsburg, og det vart utarbeidd arealplan for Colesbukta og Svea.

Arbeidet med å vurdere utsleppa frå kolkraftverket i Longyearbyen og kolgruva i Svea Nord var sett i gang, og eit forbod mot utslepp av miljøgift på Svalbard vart sett i verk. Vidare vart det gjennomført ei opprydding av bil- og skutervrak i Longyearbyen, og plan for arbeidet med forureina grunn vart følgt opp.

I behandlinga av St.meld. nr. 22 (1994–1995) Om miljøvern på Svalbard, uttalte Stortinget at dei etablerte verneområda på Svalbard i liten grad omfattar dei delane av øygruppa som har biologisk produksjon. Regjeringa vart beden om å leggje fram forslag til nye verneområde på Svalbard der viktige landområde med biologisk produksjon blir sikra vern.

Hovudinnhaldet i eit forslag til verneplan vart presentert i St.prp. nr. 1 (2002–2003) Miljøverndepartementet. Utkast til verneplan og konsekvensutgreiinga har vore på høyring. Planen er arbeidd vidare med av Sysselmannen og oversend Direktoratet for naturforvaltning, som vil gi sin tilråding til Miljøverndepartementet. Miljøverndepartementet vil leggje fram saka hausten 2003.

Stortinget vedtok i 2003 at den norske territorialgrensa skal utvidast frå 4 til 12 nautiske mil frå grunnlinja, og at denne utvidinga også skal omfatte Svalbard. Utvidinga vil tre i kraft 1. januar 2004.

Det vil vere i tråd med verneformåla for dei fem store verneområda oppretta ved kgl.res. av 1. juni 1973: Nordaust-Svalbard naturreservat, Søraust-Svalbard naturreservat, Sør-Spitsbergen nasjonalpark, Forlandet nasjonalpark og Nordvest-Spitsbergen nasjonalpark, å utvide vernegrensa tilsvarende utviding av territorialgrensa.

Miljøverndepartementet har på denne bakgrunn starta eit planarbeid med sikte på å utvide

dei fem nemnde verneområda på Svalbard til 12 nautiske mil. Forslag til utviding blir sendt på høyring. Det er i utgangspunktet ikkje teke sikte på å gjere endringar i eksisterande verneforskrift, utover dei nødvendige endringane som må gjerast i føresegnene om avgrensing.

Miljøvernarbeidet vil i 2004 ha særleg fokus på ei effektiv gjennomføring av svalbardmiljølova med tilhøyrande forskrifter, og vidareutvikling av forvaltningsplanar som eit verkemiddel for å styrkje verneområdet. Vidare skal forhold knytte til gamle synder og avfallshandtering følgjast opp, og dei effektane den aukande ferdsla har på utsette og sårbare kulturminne og på naturmiljøet, skal overvakast. Viktige leveområde for vilt skal sikrast mot inngrep, forstyrning eller annan påverknad frå lokal verksemd. Bevaring av kulturminne knytte til industriell verksemd frå 1940-talet representerer ei spesiell utfordring. Dette arbeidet skal følgjast vidare opp i 2004.

I 2004 skal Sysselmannen leie eit prosjekt som ledd i oppfølginga av Nordisk ministerråd sin handlingsplan for vern av natur- og kulturmiljø i Arktis. Prosjektet skal utgreie kriterium for vern av kulturminne og geologiske førekomstar.

Norsk Polarinstitut har ansvaret for topografisk og geologisk kartlegging på Svalbard, og har ei monaleg forskingsverksemd på øygruppa. Instituttet driv ein forskingsstasjon i Ny-Ålesund, luftmålestasjon på Zeppelinfjellet, og avdelingskontor og feltlager i Longyearbyen. Instituttet gjennomfører kvart år ein stor sommarekspedisjon på Svalbard og ei rekkje mindre ekspedisjonar gjennom året. Norsk Polarinstitut brukar òg vesentlege ressursar på forvaltningsrådgiving knytt til miljøstatusanalysar, konsekvensutgreiingar og miljøovervaking på øygruppa. Det er for 2004 stipulert at ca. 51 mill. kroner av løyvinga til Norsk Polarinstitut over Miljøverndepartementet sitt kap. 1471 Norsk Polarinstitut er relatert til Svalbard, jf. vedlegg 1. I tillegg kjem tilskotet frå svalbardbudsjettet, jf. omtalen av kap. 17 Refusjon til Norsk Polarinstitut i del II.

I 2003 vart forprosjektet for Svalbard forskingspark avslutta og grunnarbeida sette i gang. Forskingsparken omfattar lokale for Universitetssenteret på Svalbard AS (UNIS), Norsk Polarinstitut og Svalbard museum. I tillegg skal bygget òg innehalde eit kulturhistorisk magasin for å ta vare på arkeologiske funn frå Svalbard og eit miljøinformasjonssenter.

4.2 Nærings- og handelsdepartementet

For 2004 er det foreslått å løyve til saman 15 mill. kroner over Nærings- og handelsdepartementet

sitt budsjett til Kings Bay AS og Svalbard Reiseliv AS.

Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Store Norske-konsernet består av morselskapet Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK) og dei heileigde dotterselskapa Store Norske Spitsbergen Grubekompani AS (SNSG) og Store Norske Boliger AS (SNB). Staten eig 99,94 pst. av aksjane i SNSK. Kolverksemda skjer gjennom SNSG. I 2002 produserte gruveselskapet i alt 2,1 mill. tonn kol netto. Produksjonsvolumet var 0,3 mill. tonn høgare enn i 2001. Oppnådde kolprisar var ca 5 pst. lågare enn i 2001. Ved utgangen av 2002 hadde SNSG 225 tilsette, mot 248 ved inngangen til året.

Konsernet hadde i 2002 driftsinntekter på 695 mill. kroner og eit overskot før statstilskot på 68 mill. kroner. Tilsvarande tal i 2001 var 565 mill. kroner og eit underskot på 128 mill. kroner. Morselskapet SNSK fekk i 2002 eit årsresultat på 22,8 mill. kroner. Av dette er 6,5 mill. kroner foreslått utdelt som utbyte til aksjonærane.

Kolverksemda til Store Norske har i mange år vore halden oppe med statlege tilskotsløyvingar. Bakgrunnen for den økonomiske støtta har i hovudsak vore dei nasjonale omsyna som gjer seg gjeldande på Svalbard. Arbeidsplassane knytte til kolgruvedrifta har medverka vesentleg til stabil, heilårleg norsk aktivitet og busetnad.

Selskapet starta hausten 2001 produksjonsdrift i eit nytt gruveområde kalla Svea Nord. Ved Stortinget si behandling 19. desember 2001 av prosjektet, jf. St.prp. nr. 2 og Innst.S. nr. 67 for 2001–2002, vart det lagt til grunn at gruvedrifta etter dette skal drivast ut frå bedriftsøkonomiske føresetnader og uavhengig av statleg støtte i framtida. Formålet med staten sitt eigarskap i SNSK og SNSG er, gjennom ringverknadene av selskapet sine aktivitetar, å medverke til at samfunnet i Longyearbyen blir halde oppe og utvikla vidare på ein måte som understøttar dei overordna måla i norsk svalbardpolitikk. I tillegg ønskjer staten ei akseptabel årleg avkastning på den eigenkapitalen som er investert i dei to selskapa.

SNSK vil, etter at gruveverksemda er skilt ut i dotterselskapet SNSG, elles konsentrere verksemda si rundt Longyearbyen og satse på utvikling av selskapet sine eigedommar og andre bergrettar selskapet har på Svalbard.

Kings Bay AS

Staten eig alle aksjar i Kings Bay AS. Det er foreslått å løyve 13 mill. kroner til Kings Bay AS, til

drift og investeringar. Ny-Ålesund er hovudsenteret for naturvitskapleg forskingsverksemd på Svalbard. Kings Bay AS eig grunn og anlegg i Ny-Ålesund og har ansvar for infrastrukturen på staden. Selskapet hadde 20 tilsette ved utgangen av 2002.

Vedtektene for Kings Bay AS fastslår at selskapet si verksemd særleg skal ha som mål å yte tenester til og fremje forskning og vitskapeleg verksemd, og medverke til å utvikle Ny-Ålesund som ein internasjonal arktisk naturvitskapleg forskingsstasjon. To av medlemmene i styret blir valde etter forslag frå respektive Utdannings- og forskingsdepartementet og Miljøverndepartementet.

Norske, tyske, britiske, italienske, franske, japanske, sørkoreanske og kinesiske forskingsstasjonar har etablert seg permanent i Ny-Ålesund. I tillegg nyttar andre norske og utanlandske forskingsinstitusjonar staden utan å drive permanent forskning.

Den aukande interessa for å etablere og utvide forskning på staden stiller krav til korleis selskapet legg forholda til rette. Forskingsaktivitet og tilrettelegging av infrastrukturen er prioritert i samsvar med intensjonen i strategisk plan for staden, utvikla av selskapet og Norsk Polarinstitutt i fellesskap. Anna næringsverksemd må tilpassast dei rammene som forskingsverksemda krev.

Kings Bay AS samarbeider med Norsk Polarinstitutt om prosjektering av eit marinlaboratorium i Ny-Ålesund. Det planlagde marinlaboratoriet vil vere unikt gjennom si plassering og tilknytning til det internasjonale forskingsmiljøet i Ny-Ålesund. Den internasjonale interessa for bygging av marinlaboratoriet er stor, og ei rekkje land har allereie forplikta seg til å delta i prosjektet. Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD) vil foreslå at det vert sett av 10 mill. kroner til marinlaboratoriet under kap. 285, post 52 på statsbudsjettet for 2004, sjå nærare omtale i UFD sin budsjettproposisjon.

I samband med Stortinget si behandling av St.meld. nr. 9 (1999–2000) Svalbard, understreka utanrikskomiteen i si innstilling at ein vidare vekst innan forskning må skje innanfor rammer som er forsvarlege for miljøet. I tråd med dette slutta komiteen seg til at Ny-Ålesund blir utvikla vidare som ein «grøn» forskingsstasjon, og føresette at Kings Bay AS syter for nødvendige tiltak for å redusere miljøverknadene av verksemda i Ny-Ålesund-området til eit minimum.

Svalbard Reiseliv AS

Det vart i St.meld. nr. 9 (1999–2000) Svalbard vist til at det er viktig at delar av oppgåvene til Svalbard Næringsutvikling blir førte vidare. Dette gjeld statistikkproduksjon, arbeidet med å leggje til rette

for eit miljøtilpassa reiseliv og ansvaret for vertskapsfunksjonane innan reiselivet som tidlegare vart utførde av avdelinga Info-Svalbard. I stortingsmeldinga vart det vidare vist til at regjeringa tek sikte på å gi reiselivsnæringa sjølv eit større ansvar for utviklinga av næringa på Svalbard. Etter dialog mellom Nærings- og handelsdepartementet og Svalbard Reiselivsråd vart Svalbard Reiseliv AS etablert i 2001, med sikte på å føre vidare hovudoppgåvene til Info-Svalbard.

Svalbard Reiseliv AS er eigd av Svalbard Reiselivsråd, som er ei samanslutning av eit breitt spekter av aktørar med interesser knytte til reiselivet på Svalbard.

Målet med tilskotet til Svalbard Reiseliv AS er å medverke til auka verdiskaping og betre lønsemd for reiselivet ved å informere, profilere og marknadsføre Svalbard som reisemål.

Det er ei viktig oppgåve for Svalbard Reiseliv AS å leggje vekt på å utvikle eit miljøtilpassa reiseliv i tråd med det overordna målet for regjeringa og reiselivsnæringa.

I 2002 vart det registrert 74 433 gjestedøgn ved overnattingsbedrifter i Longyearbyen. Dette er ein liten nedgang (ca 2 pst.) i forhold til rekordåret 2001, men ein auke i forhold til 2000 på 21,5 pst. Svalbard Reiseliv AS har i samarbeid med reiselivsbransjen arbeidd aktivt for å auke besøket i den perioden av året som det erfaringsvis er færrest besøkande på Svalbard. I tida etter 2000 har auken i gjestedøgn vore størst i nettopp desse periodane av året.

Det er foreslått å løyve eit tilskot på 2 mill. kroner til Svalbard Reiseliv AS over statsbudsjettet for 2004.

Svalbard Satellittstasjon

Svalbard Satellittstasjon (SvalSat) vart offisielt innvigd i juni 1999. Stasjonen ligg i nærleiken av Longyearbyen. Den direkte statlege finansieringa av prosjektet utgjorde 28 mill. kroner. SvalSat les ned data for sivile formål frå satellittar i polare baner og styrer også desse satellittane. Kongsberg Satellite Services AS, som er eigd 50 pst. av Norsk Romsenter og 50 pst. av Kongsberg Aerospace & Defence Systems AS, eig infrastrukturen og står for drifta av SvalSat. I tillegg eig selskapet to antenner. NASA har bygd ei antenne som blir nytta av fleire av deira satellittar. Den europeiske organisasjonen for meteorologisatellittar (EUMETSAT) har bygd to antenner. Vidare har Telenor bygd ei telekommunikasjonsantenne på SvalSat. Norsk Romsenter arbeider for å skaffe fleire kundar til SvalSat.

Bygginga av ei antenne for IPO, som er ei avdeling i den sivile amerikanske værvarslingsstenesta

National Oceanic and Atmospheric Administration (NOAA) er venta avslutta hausten 2003. Norsk Romsenter har òg inngått ein kontrakt med IPO om framtidig nedlesings- og dataoverføringstenester. Kontrakten som er inngått har ei kostnadsramme på 40 mill. USD og har ein avtaleperiode på 25 år. Det har òg gjort det mogleg å etablere eit fiberkabelsamband mellom Andøya og Longyearbyen. Fiberkablane skal samtidig kunne tilby generelle breibandstenester til Longyearbyen.

Forskrift av 11. juni 1999 regulerer blant anna verksemda ved Svalbard Satellittstasjon. Sysselmannen på Svalbard skal føre kontroll med at verksemda skjer i samsvar med Svalbardtraktaten.

Svalbard Rakettskytefelt AS

Andøya Rakettskytefelt A/S har etablert Svalbard Rakettskytefelt (SvalRak) i Ny-Ålesund. Anlegget stod ferdig i 1997, og investeringane i anlegget var på om lag 7,4 mill. kroner. Infrastrukturen på SvalRak er eigd av Andøya Rakettskytefelt A/S. Formålet med SvalRak er oppskyting av forskingsraketar. Som følge av lokaliseringa nær den magnetiske nordpolen, gir målingane frå raketane resultat av stor vitenskapleg verdi. Det er utført fleire oppskytingar og dei siste vart gjennomførde ved årsskiftet 2002–2003.

4.3 Utdannings- og forskingsdepartementet

Det har vore ein monaleg auke i forskings- og utdanningsverksemda på øygruppa det siste tiåret, og Svalbard er blitt sentral for både nasjonal og internasjonal forskning i Arktis.

Den tidlegare stiftinga Universitetsstudiane på Svalbard (UNIS) er no eit heileigd aksjeselskap under Utdannings- og forskingsdepartementet og har skifta namn til Universitetsenteret på Svalbard (UNIS). Universitetsenteret på Svalbard vart stifta som aksjeselskap 29. november 2002 med ein aksjekapital på 100 000 kroner. UNIS har gitt gode resultat med omsyn til undervisning, forskning og utvikling i lokalsamfunnet i Longyearbyen. Forskingsaktiviteten har jamt over blitt høgt vurdert i Noregs forskingsråd sine internasjonale evalueringar av realfag i Noreg. Forskinga ved UNIS tek utgangspunkt i at Svalbard er geografisk plassert i eit høgarktisk område. UNIS har fire studieretningar; arktisk biologi, arktisk geologi, arktisk geofysikk og arktisk teknologi.

Utdannings- og forskingsdepartementet finansierer 100 studieplassar ved UNIS. Studiet skal ha ein internasjonal profil, og det blir teke sikte på at ein stor del av studentane skal vere utanlandske.

Studentaktiviteten utgjorde 118 60-studiepoengeiningar i 2001. 58 pst. av studentane var utanlandske. I 2002 utgjorde studentaktiviteten 121 60-studiepoengeiningar og 60 pst. av studentane var utanlandske. Det vart i 2003 oppretta ytterlegare to nye stipendiatstillingar ved UNIS. Det er budsjettert med heilårsverknad for desse i 2004.

Det er for 2004 foreslått løyvd om lag 44 mill. kroner på budsjettet til Utdannings- og forskingsdepartementet, under kap. 281 post 74, til drift av UNIS.

Utdannings- og forskingsdepartementet er ein av dei som medverkar mest til polarforskning, først og fremst grunnforskning innanfor polare emne. Løyvingane blir kanaliserte gjennom universiteta sine generelle forskingsaktivitetar og gjennom dei løyvingane Noregs forskingsråd gjer til forskarinitiert forskning og forskingsprogram.

Universitetsenteret på Svalbard har utvikla seg til ein viktig forskingsinstitusjon. UNIS opplyser at 60 pst. av arbeidsplikta til det vitenskaplege personalet går med til forskning. Utdannings- og forskingsdepartementet gir òg ei grunnløyving til Fridtjof Nansens institutt, som har eit stort innslag av polarforskning. I tillegg til Utdannings- og forskingsdepartementet yter også Miljøverndepartementet mykje til polarforskninga under programma til Noregs forskingsråd.

Rundt rekna 15,5 mill. kroner av den ordinære faglege løyvinga til Noregs forskingsråd for 2004, kap, 285 post 52, vil gå til tiltak som gjeld Svalbard direkte. Mellom anna vil 3 mill. kroner gå til «Klimaeffektprogrammet» og 2 mill. kroner til samarbeidsavtala mellom Noregs forskingsråd og National Science Foundation. I tillegg vil midlar frå andre program under Forskingsrådet (m.a. «Klimaprogrammet», «Romforskningsprogrammet», «Marine ressurser, miljø og forvaltning») samt frå ulike forskarinitierte prosjekt, finansiere forskning på eller i tilknytning til Svalbard. Vidare skal 10 mill. kroner nyttast til bygging av eit marinbiologisk forskingslaboratorium i Ny-Ålesund. Det er eit internasjonalt konsortium av forskingsinstitusjonar som står bak planen og har gjort avtale om den seinare bruken. Kings Bay AS prosjekterer og fører opp bygget. Sjå nærare omtale i budsjettproposisjonen frå Nærings- og handelsdepartementet.

Det er vanskeleg å seie kor stor del av dei midlane Forskingsrådet disponerer til ulike program og prosjekt som kan klassifiserast som forskning på eller i tilknytning til Svalbard. For å betre informasjonen om dette har Norsk institutt for studiar av utdanning og forskning (NIFU) fått i oppdrag å lage ein analyse.

EISCAT (European Incoherent Scatter Radar) er ein internasjonal organisasjon som ved hjelp av

store radarinstallasjonar driv atmosfæreforskning, mellom anna på nordlys og ozon. Informasjonen som radarane gjev blir òg brukt til navigering, satellittposisjonering, telesamband med meir. Ein av desse radarane er EISCAT Svalbard radar i Longyearbyen. For 2004 vil Noregs kontingent til EISCAT truleg bli på om lag 2,7 mill. svenske kroner.

I 2002 vart det etablert eit femårig forskingsprogram kalla «Polar klimaforskning», som blir finansiert av midlar frå Fondet for forskning og nyskaping. For 2004 er det sett av om lag 25 mill. kroner til føremålet og om lag ein tredel av satsinga gjeld forskning knytt til Svalbard. Forskingsaktiviteten vil for det meste gå føre seg i havområda kring Svalbard, men det vil òg bli noko aktivitet på land.

Planlegginga av Svalbard forskingspark held fram. Forskingsparken vil gjere det mogleg å samle dei akademiske miljøa i Longyearbyen, infrastruktur, og service for feltundersøkingar samt publikumsaktivitetar, jf. St.meld. nr. 9 (1999–2000) og Innst.S. nr. 196 (1999–2000).

Arbeidet med å etablere forskingspark på Svalbard involverer fleire departement og andre offentlege instansar: Utdannings- og forskingsdepartementet arbeider med utviding av Universitetsenteret på Svalbard (UNIS), Miljøverndepartementet med nye areal for Norsk Polarinstitut og Justisdepartementet (i samråd med Longyearbyen lokalstyre) med nye lokale for Svalbard Museum. Miljøvernavdelinga hos Sysselmannen på Svalbard er, i lag med Riksantikvaren, engasjert i skipinga av eit kunsthistorisk magasin. Sysselmannen har òg gått saman med Svalbard Museum om samlokalisering og utvikling av eit felles senter for miljøinformasjon.

Alle verksemdene som er tenkt å liggje i forskingsparken på Svalbard har behov for større plass. Sambruket i ein park vil gjere utnyttinga av arealet betre og meir økonomisk. Vidare vil samlokalisering av akademiske miljø i Longyearbyen kunne skape faglege synergieffektar og gjere tilhøva for publikum og lokalbefolkning som nyttar tenestene hos desse verksemdene, betre.

Forslag til kostnadsramme for bygging av forskingsparken er utarbeidd. Grunnarbeida er sett i gong i 2003. Det blir gjort framlegg om ei løyving til vidareføring av prosjektet på 150 mill. kroner i 2004. For nærare omtale sjå kap. 2445 post 31 under Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett.

Utdannings- og forskingsdepartementet finansier drifta av dei meteorologiske stasjonane på Bjørnøya og Hopen og flyvårtenesta ved Svalbard lufthamn over budsjettet til Meteorologisk insti-

tutt. For 2004 vil løyvinga til desse formåla vere om lag 10,8 mill. kroner.

Utgiftene til Longyearbyen skule blir dekte over budsjettet til Utdannings- og forskingsdepartementet, under kap. 222 Statens grunnskoler og grunnskoleinternat. For 2004 er det foreslått løyvd 24,7 mill. kroner til skulen på Svalbard. Budsjettforslaget er auka med om lag 7,4 mill. kroner som følgje av at skulen er foreslått innlemma i husleigeordninga for statlege bygg.

Longyearbyen skule vil ha om lag 225 elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring i skuleåret 2003–2004. For tre år sidan var elevtalet 182. Det er venta vidare auke i talet på elevar, mellom anna på grunn av utbygging av UNIS og Svalbard forskingspark. Barn og unge som oppheld seg for kortare eller lengre tid på Svalbard, har av mange årsaker spesielle oppvekstvilkår. Det er viktig å leggje tilhøva til rette slik at svalbardsamfunnet sjølv kan setje i verk tiltak i samsvar med behova i dei ulike aldersgruppene. Longyearbyen lokalstyre har, saman med foreldra, ei viktig rolle i dette arbeidet.

4.4 Finansdepartementet

Lov om skatt til Svalbard vart vedteken 29. november 1996. Lova trådte i kraft 1. januar 1998. Lova avløyste tidlegare skattelov for Svalbard av 15. juli 1925.

Personar som er busette på Svalbard og selskap som er heimehøyrande der, har på visse vilkår alminneleg skatteplikt til Svalbard. Personar og selskap har avgrensa skatteplikt til Svalbard for inntekt vunne ved arbeid eller verksemd under opphald på Svalbard, og for formue og inntekt av fast eigedom der. Gjennom svalbardskattelova er dei alminnelege føresegnene om likningsforvaltning og skatteinnkrevjing i stor grad gjort gjeldande for Svalbard.

Frå hausten 1998 har det vore eit eige likningskontor i Longyearbyen. Løyvingane til likningskontoret går over svalbardbudsjettet. Sjå omtale under kap. 22 Likningsforvaltninga for Svalbard i del II nedanfor.

4.5 Samferdselsdepartementet

Telenor AS tilbyr telenett og teletenester til Svalbard. Fram til i dag har teletrafikken mellom fastlandet og øygruppa gått via satellittsamband. Frå og med 2004 vil Svalbard få samband med fastlandet via telekabel. Kabelen er primært etablert for å betre kommunikasjonen til og frå jordstasjonsverksemda på Svalbard, men lokalsamfunnet vil òg få tilbod om å nytte kapasitet i kabelen. Norsk Rom-

senter AS har tatt initiativ til og eig kabelen, medan Telenor er gitt ansvaret for drifta. Dekning av eventuelle meirkostnader for Telenor ved å tilby samfunnspålagte teletenester for Svalbard er regulert i avtale mellom Telenor og Justisdepartementet. For 2004 er det sett av ca. 3,5 mill. kroner til dette formålet. Utgiftene blir dekte over svalbardbudsjettet kap. 7 Tilfeldige utgifter, jf. nærare omtale under punkt 6 nedanfor.

Med verknad frå 1. juli 2003 vart føresegna i postlova om «geografisk enhetsporto» endra. Ved endringa vart det presisert at det med omgrepet «geografisk enhetsporto» er meint like takstar innfor heile verkeområdet til postlova. Dette fører til at portotakstane på Svalbard vert dei same som på fastlandet.

Posten Noreg AS utfører samfunnspålagte posttenester på Svalbard. Underskotet ved denne tenesta er dekt gjennom løyvinga til statlege kjøp av posttenester over Samferdselsdepartementet sitt budsjett. For 2004 er det sett av 11 mill. kroner til kjøp av ulønsame posttenester på Svalbard.

4.6 Barne- og familiedepartementet

Ved utgangen av 2002 var det 101 barn i barnehage i den norske busetnaden på Svalbard. Desse barna gjekk i til saman tre barnehagar, ein familiebarnehage og to ordinære barnehagar. Alle barnehagane ligg i Longyearbyen.

Barnehagelova gjeld ikkje for Svalbard. Barne- og familiedepartementet har i medhald av § 26 høve til å fastsetje forskrift om å gi lova verknad på Svalbard, men heimelen er ikkje blitt brukt. I praksis er det likevel intensjonane i barnehagelova som er styrande for barnehagedrifta, og det er ingen vesentlege skilnader mellom drift av barnehagar i Longyearbyen og på fastlandet. Barnehagane på Svalbard får statstilskot til drift over Barne- og familiedepartementet sitt budsjettkapittel 856 Barnehager, post 60 Driftstilskudd til barnehager. Barnehagedrifta i Longyearbyen er i dag regulert gjennom vilkår stilte for dette tilskotet, og vilkåra tek utgangspunkt i føresegnene i barnehagelova så langt dei passar. Dette inneber for eksempel at barnehagane må halde seg til gjeldande krav til personale, lokale og uteområde, og arbeide i samsvar med Rammeplan for barnehagar.

Barnehageeigarane søker om statstilskot. Longyearbyen lokalstyre kontrollerer at opplysningane i søknadene er korrekte og søker om driftstilskot på vegner av barnehagane. Det er Barne- og familiedepartementet som behandlar søknadene og utbetalar tilskotet. Vidare gjennomfører Sysselmannen synfaring og tilsyn med barnehagane etter avtale med Barne- og familiedepartementet. Dei

sistnemnde oppgåvene blir utførte av barnehagekonsulenten i Longyearbyen lokalstyre. Barnehagekonsulenten har også vegleingsansvar for barnehagane.

Etter Barne- og familiedepartementet si oppfatning fungerer ordninga med forvaltning av statstilskotet og drift av barnehagane tilfredsstillande.

Lov om barnetrygd er gjort gjeldande for personar som er medlemmer i folketrygda etter folketrygdlova § 2-3, og som oppheld seg på Svalbard. Det vart i 2002 utbetalt barnetrygd til om lag 340 barn busette på Svalbard. I 2004 er det venta at 4,2 mill. kroner vil gå til dekning av utgifter til barnetrygd for busette på Svalbard over kap. 845 Barnetrygd, post 70 Tilskudd.

Lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre er på same måten som barnetrygdlova gjort gjeldande for Svalbard. Det er for 2004 rekna ut at om lag 0,5 mill. kroner vil gå til kontantstøtte på Svalbard over kap. 844 Kontantstøtte, post 70 Tilskudd.

Stortinget vedtok 27. februar 2003 at dei oppgåvene som fylkeskommunen etter gjeldande rett har ansvaret for på barnevernområdet og familievernområdet skal overførast til staten. På barnevernområdet inneber dette blant anna at ansvaret for etablering og drift av barneverninstitusjonar, ansvaret for rekruttering og formidling av fosterheim og for at fosterheimane får nødvendig opplæring og generell vegleing, blir lagt til statleg styresmakt. Det ligg til departementet å dele landet inn i føremålstenlege statlege regionale senter for denne styresmakta.

Med heimel i lov om barneverntenesta § 1-2 andre ledd, vart det i 1995 fastsett forskrift om bruk av lova på Svalbard. Forskrifta som vart endra i desember 2001, regulerer fordelinga av ansvar og dekninga av utgifter til barneverntiltak i høve til barn og unge som oppheld seg på Svalbard. Fylkesnemnda i Troms og Finnmark, Troms fylkeskommune og Fylkesmannen i Troms har i forskrifta fått utvida sitt ansvarsområde til Svalbard. Som eit resultat av at dei oppgåvene fylkeskommunen har på barnevernområdet skal overførast til statleg regional styresmakt, vil det måtte gjerast endringar i forskrift om lov om bruk av barneverntenester på Svalbard. Endringane vil blant anna medføre at det ansvaret Troms fylkeskommune har på barnevernområdet på Svalbard, blir overført til statleg styresmakt.

4.7 Helsedepartementet

Longyearbyen sjukehus gir helsetenester til den norske befolkninga på Svalbard og alle som ferdast på og rundt øygruppa. Den russiske busetnaden i Barentsburg har eiga helseteneste som er eigenfi-

nansierte, jf. reglane i Bergverksordninga for Svalbard.

Longyearbyen sjukehus er eit akuttmedisinsk beredskapssjukehus og yter 1. og 2. linjetenester, dvs. tenester tilsvarende eit helsesenter på fastlandet. Ved større ulykker må det tilkallast hjelp frå fastlandet. Frå 1993 har det vore stasjonert eit redningshelikopter på Svalbard. Personell frå sjukehuset skal innanfor beredskapsordninga si bemanne helikopteret ved ambulanseoppdrag.

Frå 2002 vart Longyearbyen sjukehus lagt under det regionale helseforetaket Helse Nord RHF. Organisatorisk er Longyearbyen sjukehus tilknytt Universitetssjukehuset i Nord-Noreg HF. Som følge av omlegginga er løyvingane til sjukehuset lagt inn i ramma til Helse Nord, jf. kap. 732, post 75.

4.8 Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Statsbygg forvaltar dei fleste statlege eigedomane i Longyearbyen, blant anna Longyearbyen skule, Longyearbyen sjukehus, Svalbard kyrkje, administrasjonsbygningen for Sysselmannen, post- og bankbygningen, diverse lagerbygningar og 142 bustadeiningar. Statsbygg forvaltar dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya, og Norsk Polarinstitut sin forskingsbygning (Sverdrupstasjonen) i Ny-Ålesund. Statsbygg har avtale med Universitetssjukehuset i Nord-Noreg HF om drift av sjukehuset i Longyearbyen.

Drifts- og vedlikehaldsutgifter for bygningane til Longyearbyen skule og Longyearbyen sjukehus blir dekte over kap. 2445 Statsbygg. Andre eige-

dommar som Statsbygg forvaltar på Svalbard blir dekte over svalbardbudsjettet kap. 20, jf. omtale i del II nedanfor.

Etter pålegg er det teke sikte på å setje i gang arbeidet vedrørende utbetring av drivstoffanlegget på Hopen i 2003, og tankane på Bjørnøya i 2004. Eigedommane vil bli innlemma i husleigeordninga frå 1. januar 2004. Pålegg frå Arbeidstilsynet vedrørende Svalbard kyrkje blir søkt finansiert på tilsvarende måte som nemnt ovanfor, og ein tek sikte på å starte dette arbeidet i 2004.

4.9 Kultur- og kyrkjedepartementet

På Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett for 2004 er det foreslått avsett midlar til velferdstiltak på Svalbard. Det er over kap. 320 Allmenne kulturformål, post 74 Tilskudd til tiltak under Norsk kulturråd, foreslått eit tilskot på 131 000 kroner til kulturtiltak. Norsk kulturråd forvaltar tilskotet som blir kanalisert gjennom Longyearbyen lokalstyre.

Vidare er det over kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål, post 78 Ymse faste tiltak, foreslått eit tilskot på 147 000 kroner til bibliotekteneste på Svalbard i 2004. Svalbard Samfunnsdrift AS har driftsansvar for Longyearbyen folkebibliotek, men Longyearbyen lokalstyre yter tilskot til drifta.

Kultur- og kyrkjedepartementet gir pressestøtte til Svalbardposten. Svalbardposten fekk 310 000 kroner i produksjonstilskot i 2002. Tilskotet for 2004 vil avhenge av opplagstalet til avisa, og blir endeleg fastsett i oktober d.å. Utbetaling av tilskot skjer etter reglane i forskrift om produksjonstilskot til dagspressa.

5 Oversikt over foreslegne løyvingar på svalbardbudsjettet for 2004

Følgjande oversikt viser rekneskapstal for 2002, vedteke budsjett for 2003 og forslag til løyving over

svalbardbudsjettet for 2004. Inntektene er eksklusive tilskotet frå statsbudsjettet.

	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
Utgifter	141 359	150 925	169 453
Inntekter	40 878	38 698	50 240

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
0001	Svalbard kyrkje	1 672	1 775	1 800	1,4
0002	Tilskot til kulturelle formål m.m.	960	960	960	0,0
0003	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	46 240	51 688	51 530	-0,3
0005	Sysselmannen (jf. kap. 3005)	18 452	18 700	19 450	4,0
0006	Sysselmannen si transportteneste (jf. kap. 3006)	45 343	48 450	59 550	22,9
0007	Tilfeldige utgifter	3 887	4 100	4 200	2,4
0009	Kulturminnetiltak	2 129	2 050	2 050	0,0
0011	Bergmeisteren	1 806	1 530	1 600	4,6
0017	Refusjon til Norsk Polarinstitutt	2 450	2 450	2 700	10,2
0018	Fyr og radiofyr	3 288	3 300	3 350	1,5
0020	Staten sine bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)	13 416	13 972	20 063	43,6
0022	Likningsforvaltninga for Svalbard	1 713	1 950	2 200	12,8
	Sum kategori 06.80	141 359	150 925	169 453	12,3

Utgifter under programkategori 06.80 fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
01-23	Driftsutgifter	90 963	95 077	113 313	19,2
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	746	750	950	26,7
50-58	Overføringer til andre statsrekneska- par	2 450	2 450	2 700	10,2
70-89	Overføringer til private	47 200	52 648	52 490	-0,3
	Sum under departementet	141 359	150 925	169 453	12,3

Inntekter under programkategori 06.80 fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
3005	Sysselmannen (jf. kap. 5)	945	200	200	0,0
3006	Sysselmannen si transportteneste (jf. kap. 6)	953	1 500	1 100	-26,7
3020	Staten sine bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)	2 563	3 498	3 740	6,9
3030	Skattar og avgifter	36 415	33 500	45 200	34,9
3035	Tilskot frå statsbudsjettet	100 124	112 227	119 213	6,2
	Sum kategori 06.80	141 002	150 925	169 453	12,3

Del II
Dei enkelte utgifts- og inntektskapitla

Kap. 0001 Svalbard kyrkje

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Driftsutgifter	1 676	1 775	1 800
	Sum kap 0001	1 676	1 775	1 800

Svalbard kyrkje betener alle som bur på øygruppa. Forutan den norske busetjinga i Longyearbyen og Ny-Ålesund, befolkninga i Barentsburg og den polske befolkninga i Hornsund, blir den òg besøkt av innbyggjarane i Svea og fangstmenn og andre overvintrarar rundt om på Svalbard.

Kyrkja har som mål at også utanlandske busette på Svalbard skal få tilgang på kyrkjelege tenester. Ein søker å leggje praktisk til rette for at befolkninga i Barentsburg og polakkane i Hornsund kan betenast av prestar tilhøyrande deira eigne kyrkjesamfunn.

Kyrkja på Svalbard utfører alminnelege kyrkjelege tenester så som gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel, sørgjegudstenester, sjelesorg og andre kyrkjelege tenester utført av prest og kateket. Pei-

sestova i kyrkja er dessutan samlingsstad både for dei kyrkjelege aktivitetar og for lokalbefolkninga, og den er også mykje besøkt av turistar.

I Longyearbyen har kyrkja eit utstrekt samarbeid med skule, barnehagar og sjukehus. Soknepresten har sete i LRS (lokal redningsssentral) og samarbeidet mellom kyrkja og Sysselmannen er godt. Det blir utført tre årsverk ved Svalbard kyrkje. Den foreslegne løyvinga skal dekkje lønsutgifter, varer og tenester som kyrkja står for i sitt arbeid, drift av tenestebil og snøskuter, leige av helikopter, og drift av bustad med meir.

Etter pålegg frå Arbeidstilsynet om utbetringar ved kyrkja, er det teke sikte på at dette arbeidet blir ferdigstilt i 2004.

Kap. 0002 Tilskot til kulturelle formål m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	960	960	960
	Sum kap 0002	960	960	960

Post 70 Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard

Det foreslegne beløpet skal i tråd med praksis fordelast mellom befolkninga i Barentsburg og dei norske busetnadene. Det er foreslått at Longyearbyen lokalstyre får løyvd 835 000 kroner til støtte til velferdsformål. Det er ein føresetnad at midlane blir fordelte slik at dei også kjem den norske befolkninga i dei andre norske busetnadene til gode. Løyvinga skal blant anna dekkje tilskot til samfunns- og kulturutvalet, løyving til Svalbard museum og til Longyearbyen folkebibliotek. Vidare er velferdsarbeidet i Ny-Ålesund foreslått støtta med 25 000 kroner. Til befolkninga i Barentsburg er det foreslått sett av 100 000 kroner.

Etter forskrift av 5. april 2000 nr. 347 om overskotsutdeling frå Nordpolet AS, skal nettooverskotet frå Nordpolet sitt sal av alkoholhaldig drikk overførast til Longyearbyen lokalstyre, som fordeleler midlane til velferdsformål. Longyearbyen lokalstyre fordeler i 2003 overskotet for 2002 som utgjorde 4 mill. kroner. Longyearbyen lokalstyre skal rapportere til Sysselmannen om bruken av midlane. Desse midlane inngår ikkje i Longyearbyen lokalstyre sitt budsjett.

I tillegg er det over Kulturdepartementet sitt budsjett for 2004 foreslått å løyve til saman 278 000 kroner til kulturformål på Svalbard, jf omtale i punkt 4.9.

Kap. 0003 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	46 240	51 688	51 530
	Sum kap 0003	46 240	51 688	51 530

Longyearbyen lokalstyre vart oppretta frå 1. januar 2002. Samtidig overtok Longyearbyen lokalstyre eigarskapen til Svalbard Samfunnsdrift AS (SSD). Tilskotet til Longyearbyen lokalstyre er på til saman 51,5 mill. kroner. Dette skal dekkje utgiftene til drift av og investeringar i lokalstyret si verksemd.

Svalbard Samfunnsdrift AS har tidlegare hatt ansvaret for dei fleste samfunnsoppgåvene i Longyearbyen. Longyearbyen lokalstyre har vedteke ny organisasjonsmodell som trådte i kraft frå 1. oktober 2002. Organisasjonsmodellen byggjer på bestillar-/utførarprinsippet, der strategiske oppgåver, bestillarfunksjonen og utøving av mynde skjer gjennom Longyearbyen lokalstyre i eigen organisasjon. Sjølve tenesteproduksjonen blir kjøpt av andre og då i hovudsak av Svalbard Samfunnsdrift AS. Som følge av den nye organisasjonsmodellen vart 6 årsverk overførte frå Svalbard Samfunnsdrift AS til Longyearbyen lokalstyre. Longyearbyen lokalstyre vil sjølv ha ansvaret for samfunns- og arealplanlegging, økonomiplanlegging, næringsarbeid, statistikkproduksjon, utvikling og samordning av samfunnsstenester retta mot barn, ungdom og vaksne, barnevern, sosialrådgiving, ungdomsarbeid, barnehagar, i tillegg til oppgåver som politisk sekretariat, og sekretariat for forliksrådet.

Inkludert i oppgåvene til Svalbard Samfunnsdrift AS er produksjon og distribusjon av elektrisk kraft og fjernvarme. Både energiverket og forsyningsnettet (fjernvarmenettet) har behov for store investeringar til vedlikehald, opprusting og modernisering. Samla behov er stipulert til ca. 190 mill. kroner over ein 5-årsperiode. Ein vil også måtte rekne med ytterlegare investeringsbehov i åra som kjem, blant anna dersom det blir stilt krav til reinsing av utsleppa frå energiverket.

Dei totale investeringane i fjernvarmenettet åleine er utrekna til ca. 90 mill. kroner. Det vart for 2003 løyvd 7,1 mill. kroner til Longyearbyen lokalstyre til investeringane i fjernvarmenettet. Denne løyvinga er vidareført for 2004. Longyearbyen lokalstyre har lagt opp ein plan for framdrift og finansiering av investeringane. Det er lagt til grunn at investeringane i fjernvarmenettet skal finansierast ved hjelp av låneopptak og vere ferdigstilte i løpet av 2007. I samband med vurdering av framtidig energiforsyning vil Longyearbyen lokalstyre i 2003 få utgreidd framtidig organisering av energiforsyninga i Longyearbyen. Det er dessutan sett i gang vindmålingar for å kunne vurdere om det er mogleg å bruke vindkraft som ei sekundærkjelde i ei framtidig energiforsyning.

Kap. 0005 Sysselmannen (jf. kap. 3005)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Driftsutgifter	18 452	18 700	19 450
	Sum kap 0005	18 452	18 700	19 450

Sysselmannen er regjeringa sin øvste representant på Svalbard, og er som styresmakt tillagt ei rekkje oppgåver og funksjonar. Sysselmannen er administrativt underlagt Justisdepartementet, men er i ulike fagsaker underlagt andre departement. Sys-

selmannen har blant anna ansvaret for redningsberedskapen, politiverksemda og miljøvernarbeidet på Svalbard. I tillegg er Sysselmannen som offentleg organ tillagt ei rekkje styresmakt-oppgåver innanfor ulike saksområde. Fagkompet-

ansen og svalbardkunnskapen hos Sysselmannen representerer ei viktig støtte i departementa sitt arbeid med svalbardsaker.

For Justisdepartementet er det eit mål at dei mange og ulike oppgåvene som sysselmannsbestillinga skal løyse, blir utførte på ein effektiv og god måte. For fagsaker som høyrer under ansvarsfeltet til Justisdepartementet, gjeld dei målsetjingane som er skisserte i St.prp. nr. 1 (2003–2004) Justisdepartementet. Justisdepartementet har ein regelmessig styringsdialog med Sysselmannen, blant anna gjennom etatstyringsmøte, planverk og rapporteringssystem i tilknytning til dette.

Det vart i 2002 utført 29 årsverk ved sysselmannsbestillinga. Inkludert i dette talet er engasjement av ekstrabetjentar og feltinspektørar i sommarmånadene. I tråd med Innst. S nr. 196 (1999–2000) er det kortaste åremålet for statstilsette på Svalbard forlenga ved at ein har forlenga åremålet for tilsette ved sysselmannsbestillinga til 5 år.

Sysselmannen har eiga heimeside på internett, både i norsk og engelsk versjon. Det blir arbeid med ein russisk versjon. Sidene er under kontinuerleg utvikling. Sysselmannen har ein relativt stor trykksaksproduksjon. Det er i dei seinare åra utarbeidd fleire informasjonshefte, blant anna har Sysselmannen hovudansvaret for å utarbeide og distribuere brosjyremateriell om den nye svalbardmiljølova som trådte i kraft i 2002. Dette materiellet vil i 2003 også bli trykt på engelsk og russisk.

Sysselmannen disponerer monalege utstyrs- og transportressursar, blant anna terrenggåande beltvogner, småbåtar, snøskuterar og utstyr for olje-

beredskap. Dette er nødvendig for å kontrollere og halde oppsyn med den 63 000 km² store øygruppa. Saman med helikopter og skip er utstyrsparken nødvendig også for redningsberedskapen på øygruppa. Sysselmannen har i 2003 inngått ny helikopteravtale med verknad frå 1. april 2004, som vil medverke til å styrkje tryggleiken på Svalbard, jf. kap. 6.

Det er for 2004 foreslått å løyve 19,4 mill. kroner over kap. 5 Sysselmannen. Dette er ein auke på 750 000 kroner i forhold til løyvinga for 2003. Løyvinga skal dekkje lønns- og driftsutgifter for sysselmannsbestillinga, under dette utgifter til vedlikehald og fornying av utstyrsparken. Sysselmannen har også monalege representasjonsoppgåver. Justisdepartementet ønskjer med den auka tildelinga i 2004 å leggje til rette for at Sysselmannen kan styrkje politiavdelinga og dermed sikre auka beredskap på Svalbard.

I tillegg er det over Miljøverndepartementet sitt budsjett kap. 1400 foreslått løyvd 0,9 mill. kroner som tilskot til miljøvernarbeidet hos Sysselmannen. Dette er prosjektmidlar og vil i hovudsak bli gitt i form av belastningsfullmakt. Midlane blir utgiftsførte på Miljøverndepartementet kap. 1400.

Justisdepartementet ber Stortinget samtykkje i at departementet i 2004 kan bestille varer for inntil kroner 3 000 000 ut over løyvinga som er gitt under kap. 5 post 01, jf. forslag til vedtak. Svalbardbudsjettet er i stor grad eit driftsbudsjett. Fullmakta er meint å dekkje Sysselmannen sitt behov for større utstyrsinvesteringar over budsjetterminane.

Kap. 3005 Sysselmannen (jf. kap. 5)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Diverse inntekter	280	200	200
02	Refusjonar m.v.	509		
	Sum kap 3005	789	200	200

Kapitlet korresponderer med kap. 5. Inntektene på post 01 omfattar bøter, gebyr, inndragingar og inntekter ved auksjonar, sal av isbjørnskinns og reinsdyrkjøtt. Bøter blir kravde inn av Statens Innkrevingsentral, men inntektsført Sysselmannen. Sysselmannen mottek diverse refusjonar og får midlar stilte til disposisjon ved posteringsfullmak-

ter. Omfanget av refusjonane varierer frå år til år, og det er vanskeleg å gi eit presist overslag. Av praktiske grunnar blir det derfor budsjettert med 0 kroner på post 02. Det er foreslått at Justisdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 5 post 01 tilsvarande det inntektsførte beløpet under kap. 3005, post 02, jf. forslag til vedtak.

Kap. 0006 Sysselmannen si transportteneste (jf. kap. 3006)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Driftsutgifter	45 343	48 450	59 550
	Sum kap 0006	45 343	48 450	59 550

Avstandane på Svalbard er store. Det finst ikkje vevsamband eller offentlege kommunikasjonsmidlar for intern transport mellom busetnadene og elles på øygruppa. For å kunne utøve det oppsynet som er nødvendig for å handheve norsk suverenitet, er Sysselmannen heilt avhengig av helikopter og skip. Desse transportmidla er òg heilt nødvendige for ei effektiv politi- og redningsteneste og for ambulans- og sjuketransport, også utanfor Svalbard sitt territorialfarvatn. Transportmidla blir desutan nytta til naturoppsyn og førebyggjande arbeid mot miljøkriminalitet. Utan helikopter og skip vil det ikkje vere mogleg å føre eit effektivt tilsyn med verneområde, kulturminne, jakt, ferdsl og turisme også i dei fjerne delane av øygruppa. I 2002 utførte Sysselmannen 18 redningsoppdrag og 22 ambulansoppdrag. I dei fleste av desse nytta ein Sysselmannen sitt helikopter.

Kapitlet dekkjer stasjonering og drift av to tenestehelikopter. I Innst. S. nr. 156 (2001–2002) om redningshelikoptertenesta i framtida oppmoda justiskomiteen regjeringa om å «*snarest mulig skifte ut Sysselmannens helikopter nr. 2 med et annet helikopter med tilsvarende utrustning og kapasitet som helikopter nr. 1.*» Den gjeldande kontrakten som Sysselmannen har med Airlift AS går ut 1. april 2004. Sysselmannen inngjekk i juni 2003 ein ny kontrakt med Airlift AS om leige av helikopterteneste som vil gjelde frå 1. april 2004. Kontrakten vart inngått etter framgangsmåten konkurrans med forhandling, og gjeld leige av eit Super Puma AS 332 L1 AW SAR (search and rescue) helikopter og eit AS 365 Dauphin N2 helikopter, begge med

avansert redningsutstyr. I forhold til val av helikopter nummer 2, er det fleire argument som ligg til grunn for det valet som er tatt. Samansetjinga av tenestene er vurdert ut frå ei totalvurdering av kva type oppdrag som blir utført for Sysselmannen og kva ressurs helikopter nummer 2 skal vere for redningstenesta i Svalbard-området. Den valde samansetjinga gir etter departementet si vurdering Sysselmannen stor fleksibilitet når ulike SAR-oppdrag skal utførast. Samtidig er samansetjinga særst godt eigna i forhold til den kombinasjonsløyninga som det er lagt opp til på Svalbard, med både rednings- og beredskapsoppdrag og som tenestehelikopter for Sysselmannen sine ulike oppdrag. Den nye avtala inneber auka kostnader samanlikna med den leigeavtala som gjeld i dag. Beløpet til transportteneste er derfor auka med 11,1 mill. kroner samanlikna med St.prp. nr. 1 (2002–2003). Utgiftene vil auke ytterlegare i 2005 på grunn av heilårsverknaden av prisauken frå dette året. Som tidlegare kontrakt føreset ny kontrakt at utleige til andre brukarar skal inntektsførast Sysselmannen, jf. kap. 3006.

Vidare dekkjer kapitlet utgifter til leige av tenestefartøy med helikopterdekk. Kontrakten for leige av tenestefartøy gjekk ut i desember 2002. Ny kontrakt om leige av tenestefartøy med helikopterdekk vart inngått med Rana Ship Service AS 21. juni 2002. Det nye fartøyet vart sett i teneste for Sysselmannen medio mai 2003, og vil vere leigd inn ca. 7 månader kvart år. Skipet er eit isgåande fartøy og er svært viktig både i den generelle beredskapen og for oljevernberedskapen.

Kap. 3006 Sysselmannen si transportteneste (jf. kap. 6)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Leigeinntekter	936	1 500	1 100
02	Refusjonar	16		
	Sum kap 3006	953	1 500	1 100

Kapitlet korresponderer med kap. 6 og viser venta inntekter og refusjonar ved utleige av dei transportmidla som Sysselmannen disponerer. Etter avtale med noverande leverandørar av transporttenester, skal Sysselmannen ha inntektene/refusjonane dersom desse blir nytta av andre. Inntektene knyter seg til utleige til privat verksemd, mens refusjonar gjeld utleige til andre statlege institusjonar. Reduksjonen i venta inntekter skuldast nedgang i talet på helikoptertimar som er leigde av eksterne leigetakarar.

For å skilje mellom inntekter og reine refusjonar vart det ved behandling av St.prp. nr. 67 (1999–2000) oppretta ein post 01 Leigeinntekter og ein post 02 Refusjonar under kap. 3006. Det blir foreslått løyvd kroner 0 på post 02, då refusjonane varierer frå år til år og det er vanskeleg å gi eit presist overslag. Det blir foreslått at Justisdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 6 post 01 tilsvarande det inntektsførte beløpet under kap. 3006, post 02, jf. forslag til vedtak.

Kap. 0007 Tilfeldige utgifter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Driftsutgifter	3 887	4 100	4 200
	Sum kap 0007	3 887	4 100	4 200

Løyvinga under denne posten er disponert av Justisdepartementet. Posten skal dekkje informasjonstiltak, støtte til utgreiingar, bokprosjekt og liknande, og mindre, ikkje føresette utgifter.

Dei meirutgiftene Telenor har i samband med samfunnspålagte teletenester på Svalbard er dekte over denne posten. Dei årlege utgiftene utgjer 3,5 mill. kroner.

Kap. 0009 Kulturminnetiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Driftsutgifter	2 129	2 050	2 050
	Sum kap 0009	2 129	2 050	2 050

Kulturminnevernet er ein del av eit samla miljøvern på Svalbard. Kulturminnevernet skal samle og ivareta kunnskap om kulturminne på Svalbard,

verne, halde ved like og forvalte kulturminna i samsvar med forskrifter og vedtekne planar, og

informere om Svalbard si kulturhistorie, og kulturmiljø og vernetiltak i tilknytning til dette.

Kulturminneplan for Svalbard 2001–2010 låg føre i 2001. Denne dannar grunnlaget for dei forvaltningsstrategiane som er lagt vekt på i kulturminnevernet for Svalbard. Oppfølging av den heilskaplege planen for miljøtiltak i gruveområdet i Ny-Ålesund blir sett i verk i 2003. Sysselmannen har òg lagt fram ein plan for tekniske kulturminne i Longyearbyen. Det blir arbeidd med å føre vidare det haldningsskapande informasjonsarbeidet. Serien med informasjonshefte held fram, og i 2003 blir det utgitt eit hefte om Isfjorden – ei reise gjennom natur og kulturhistorie på Svalbard. Heftet er utgitt på norsk, engelsk og fransk.

Miljøovervakingssystemet for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ) er utvikla som eit verktøy for miljøforvaltninga på Svalbard. MOSJ hentar data frå ei rekkje lokalitetar på Svalbard og spenner over alle relevante temaområde. Sysselmannen sit i styringsgruppa for systemet og har også ansvaret for å samle inn, arbeide vidare med og levere data om jakt, ferdsel, forsøpling og kulturminne.

Arbeidet med vedlikehald og kontroll med bygningar og andre kulturminne blir ført vidare i 2003.

Inkludert i planane om Svalbard forskingspark (sjå omtale i del I pkt. 4.3), er også etablering av eit kulturhistorisk magasin med laboratorium og verkstader, og eit miljøinformasjonssenter. Sysselmannen har meldt inn eit rombehov på ca. 500 m².

Kap. 0011 Bergmeisteren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Driftsutgifter	1 806	1 530	1 600
	Sum kap 0011	1 806	1 530	1 600

Bergmeisteren for Svalbard vart slått saman med Bergvesenet frå 1. januar 2003. Namnet på den nye etaten er Bergvesenet med Bergmeisteren for Svalbard. Hovudkontoret for etaten er i Trondheim. Kontoret på Svalbard og bergmeisterstillinga for Svalbard er ført vidare.

Bergvesenet med Bergmeisteren for Svalbard administrerer Bergverksordninga for Svalbard, fastsett ved kgl.res. 7. august 1925. Bergverksordninga og utfyllande reglar for petroleumsverksemd regulerer tilgangen til mineralressursane på Svalbard, og dannar basis for etaten si verksemd på øygruppa. Etaten har òg ei viktig rolle i samband med konsekvensutgreiingar knytte til bergverksdrift etter forskrift til Svalbardmiljølova om konsekvensutgreiingar og avgrensing av planområda på Svalbard. Sysselmannen skal i samråd med Bergvesenet med Bergmeisteren for Svalbard fastsetje utgreiingsprogram og sluttdokument i slike saker.

Følgjande verksemdsidé er utarbeidd for etaten: *Bergvesenet med Bergmeisteren for Svalbard skal arbeide for at Noreg sine mineralressursar blir forvalta og utnytta til beste for samfunnet.* Ut frå

denne verksemdsideen er fastsett følgjande hovudmål for den delen av etaten si verksemd som er retta utover:

- effektivt å forvalte gitte fullmakter, og vere sakkyndig organ i saker som gjeld mineralnæringa
- arbeide for å redusere miljøkonsekvensane av mineraluttak, og medverke til ei balansert miljøforvaltning
- arbeide for auka verdiskaping innan mineralnæringa
- arbeide for auka forståing av den verdien mineralnæringa har for samfunnet.

For 2004 vil etaten som tidlegare år prioritere saksbehandling og tilsynsverksemd og sjå til at undersøkingar og uttak av mineral blir gjennomførte slik at også ressurs- og miljøaspekt blir tekne vare på. Det blir elles vist til nærare omtale av etaten under kap. 906 Bergvesenet med Bergmeisteren for Svalbard i Nærings- og handelsdepartementet sin St.prp. nr. 1 (2003–2004).

Kap. 0017 Refusjon til Norsk Polarinstitut

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
50	Refusjon	2 450	2 450	2 700
	Sum kap 0017	2 450	2 450	2 700

Norsk Polarinstitut er underlagt Miljøverndepartementet. Norsk Polarinstitut har ei omfattande verksemd på Svalbard, med blant anna forskning, miljøovervaking, topografisk og geologisk kartlegging, forskningsservice, drift av forskingsstasjonar, ettersyn av fyr og rådgiving i miljøspørsmål overfor sentrale og lokale forvaltningsorgan. Det meste av budsjettmidlane til instituttet si verksemd på Svalbard blir dekte over kap. 1471.

Instituttet utfører årleg ei rekkje praktiske oppgåver for andre enn miljøvernforvaltninga. Det kan peikast på kartlegging og produksjon av tematiske karttypar tilpassa behovet til ulike brukarar. Dette er eit resultat av nærings- og samfunnsutviklinga på øygruppa, og er ei verksemd som går ut over

instituttet sitt opphavlege mandat m.o.t. landkartlegging på Svalbard. Vidare yter Norsk Polarinstitut årleg omfattande logistisk bistand til norsk og utanlandsk forskingsverksemd på Svalbard, til gjennomføring av offisielle besøk, til nasjonale og internasjonale møte og konferansar, og til Sysselmannen si feltverksemd. Instituttet samarbeider også med Sysselmannen når det gjeld tryggleiksberedskap for feltverksemda på øygruppa. Dette omfattar både etablering av radiodekning og utnytting av instituttet sin materiell- og transportplattform i krisesituasjonar. Saman med Sysselmannen og UNIS gjennomfører Norsk Polarinstitut Svalbardseminara. Refusjonen skal dekkje utgiftene for instituttet til desse oppgåvene.

Kap. 0018 Fyr og radiofyr

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Driftsutgifter	3 288	3 300	3 350
	Sum kap 0018	3 288	3 300	3 350

Løyvinga skal dekkje innkjøps- og vedlikehaldsutgifter til navigasjonshjelpemiddel for sjø- og lufttrafikken, blant anna 11 fyrlykter, 27 navigasjonsslys, 12 seglingsmerke, og 2 radarfyr. Anlegga er drivne og haldne ved like av Norsk Polarinstitut. Fyrtenesta er kombinert med instituttet si ekspe-

disjonsverksemd på Svalbard, slik at transportkostnadene blir reduserte. Kapitlet dekkjer lønskompensasjon for engasjert personell, driftsutstyr, blant anna batteri, fyrlykter og anna teknisk utstyr, og utgifter knytte til synfaringane.

Kap. 0020 Staten sine bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
01	Driftsutgifter	12 670	13 222	19 113
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	746	750	950
	Sum kap 0020	13 416	13 972	20 063

Post 01 Driftsutgifter

Statsbygg forvaltar dei fleste statlege eigedommane i Longyearbyen, blant anna Longyearbyen skule, Longyearbyen sjukehus, Svalbard kyrkje, administrasjonsbygningen til Sysselmanen og 142 bustadeiningar. Statsbygg forvaltar også dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya, og Sverdrupstasjonen i Ny-Ålesund. Driftsutgifter for bygningane til Longyearbyen skule er dekte over Arbeids- og administrasjonsdepartementet kap. 2445 Statsbygg på statsbudsjettet, jf. vedlegg 1. Dei andre eigedommane er dekte over dette kapitlet.

Løyvinga skal dekkje utgifter til vedlikehald og drift av bygningsmassen, under dette inventar, lys,

fjernvarme, vatn, avløp, renovasjon, vegar og veglys. Vidare er dekt løn og drift for den lokale administrasjonen av Statsbygg. Det vart i 2002 utført 8,8 årsverk ved Statsbygg sitt kontor i Longyearbyen, av dette 5,3 årsverk som er dekte over kap. 20. Auken i løyvinga på kapitlet i 2004 skuldast rehabilitering og ombygging av Svalbard kyrkje og av tankanlegga på Bjørnøya og Hopen, ved at eigedommane er innlemma i husleigeordninga.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overføres

Løyvinga skal gå til ekstraordinært vedlikehald av hyblar/husvære.

Kap. 3020 Staten sine bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 20)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2003
01	Inntekter	2 563	3 498	3 740
	Sum kap 3020	2 563	3 498	3 740

Kapitlet korresponderer med kap. 0020. Inntektene refererer seg til inntekter frå statlege selskap og etatar som Telenor, Posten, Avinor (Luftfartsverket), Norsk Polarinstitutt og sjukehuset. Alle desse deltek i bustadpoolen som vart oppretta i

2001. Kap. 3020 omfattar også mindre inntekter frå sal av kassert materiell og utstyr, pluss inntekter frå overnattingar på Statsbygg-riggen. Auken i leigeinntekter på kapitlet skuldast i hovudsak inntekter frå nye Avinor-bustader.

Kap. 0022 Likningsforvaltninga for Svalbard

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	1 713	1 950	2 200
	Sum kap 0022	1 713	1 950	2 200

Lov av 29. november 1996 nr. 68 har reglar om skatt til Svalbard på formue og inntekt, under dette likningsforvaltninga for Svalbard. Ved kgl. res. av 12. desember 1997 vart det vedteke at Svalbard skal ha eit eige likningskontor med kontorstad Svalbard. Likningskontoret vart etablert i Longyearbyen i september 1998. Svalbard har eiga likningsnemnd og overlikningsnemnd. Funksjonane som fylkesskattekontor og fylkesskattenemnd for Svalbard er lagt til Troms fylkesskattekontor og Troms fylkesskattenemnd. Likningsrådet for Svalbard, som vart oppretta i medhald av den tidlegare skattelova for Svalbard frå 1925, vart formelt avvikla pr. 1. november 1998.

I tillegg til å utføre likning etter svalbardskattelova, skal likningsforvaltninga rekne ut kolavgift

etter lov av 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kull, jordoljer og andre mineral og bergarter som blir utførte frå Svalbard.

Den foreslegne løyvinga skal gå til lønns- og driftsmidlar for likningskontoret i Longyearbyen. Kontoret har to tilsette. Løyvinga skal òg dekkje utgifter til likningsnemnda og overlikningsnemnda for Svalbard, og utgifter til fagleg og administrativ bistand og oppfølging frå Troms fylkesskattekontor. Mål- og resultatstyring av likningskontoret skjer innanfor det ordinære mål- og resultatstyringssystemet for likningsforvaltninga. Auken i løyvinga i 2004 skuldast i stor grad overlapping ved tilsetjing av ny likningssjef, og flytteutgifter knytte til dette. Det er ikkje venta at auken blir vidareført i 2005.

Kap. 3030 Skattar og avgifter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
70	Skattar m.m.	33 343	31 500	41 100
71	Utførselsavgift	1 734	1 000	3 100
72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 338	1 000	1 000
	Sum kap 3030	36 415	33 500	45 200

Post 70 Skattar m.m.

Post 70 gir eit overslag over venta skatteinntekter frå Svalbard for 2004. Det er venta ein auke i skatteinngangen samanlikna med skatteoverslaget for 2003. Dette skuldast auke i skatteprosenten på inntekt frå 6 pst. til 8 pst., og generelt auka aktivitet. Forventa meirinntekt ved auke i skatteprosenten er ca. 4,5 mill. kroner i 2004.

Post 71 Utførselsavgift

Utførselsavgift blir kravd inn i medhald av lov av 17. juli 1925 om avgift av kull, jordoljer og andre mineral og bergarter som blir utførte frå Svalbard. Inntektene frå utførselsavgifta er avhengig av utskipa kvantum av kol og kolprisen på verdsmarknaden. Det er venta noko auke i mengda av utskipa kol i 2004.

Satsane for berekning av avgift til statskassa av kol som blir utført frå Svalbard vart endra med verknad frå 1. januar 2004, jf. forslag til vedtak. Forventa meirinntekt er ca. 2 mill. kroner i 2004. Med

den gamle ordninga vart all kol over 1 mill. tonn utført frå Svalbard avgiftsfri. Ordninga var basert på mindre produksjonsvolum enn det som i dag vert produsert og utført frå Svalbard.

Post 72 Utmålsgebyr, årsavgift

Inntektene under denne posten er knytte til avgift ved krav om og vidareføring av utmål, nedfelt i

Bergverksordninga for Svalbard av 7. august 1925. Utmål er eit avgrensa område der utmålshavaren for ein gitt periode har einerett til å utnytte geologiske ressursar. Årsavgifta for å vidareføre eit utmål er 6 000 kroner.

Det vart ikkje tildelt utmål i 2002. Pr. januar 2003 vart det vidareført 384 utmål, av desse 223 avgiftspliktige. Det er usikkert kor mange avgiftspliktige utmål det vil bli i 2004.

Kap. 3035 Tilskot frå statsbudsjettet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2003
70	Tilskot	100 124	112 227	119 213
	Sum kap 3035	100 124	112 227	119 213

Dette inntektskapitlet tilsvare det tilskotet som er foreslått løyvd på Justisdepartementet sitt budsjett kap. 480 Svalbardbudsjettet post 50 Tilskot. Løyvinga skal dekkje underskotet på svalbardbudsjettet. Den foreslegne løyvinga er auka frå vedteke

budsjett 2003 som ei følgje av ny helikopteravtale for Sysselmanen, husleigekostnader ved Svalbard kyrkje og tankanlegga ved Bjørnøya og Hopen, og justering for prisomrekning.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om Svalbardbudsjettet for år 2004 blir dei summene førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter	kr	169 453 200
b. Sum inntekter	kr	169 453 200

Forslag til vedtak om løyving av utgifter og inntekter for administrasjonen av Svalbard for budsjetterminen 2004

I Utgifter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Svalbardbudsjettet				
0001	Svalbard kyrkje			
	01	Driftsutgifter	1 800 000	1 800 000
0002	Tilskot til kulturelle formål m.m.			
	70	Tilskot til velferdsarbeid på Svalbard	960 000	960 000
0003	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre			
	70	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	51 530 200	51 530 200
0005	Sysselmannen (jf. kap. 3005)			
	01	Driftsutgifter	19 450 000	19 450 000
0006	Sysselmannen si transportteneste (jf. kap. 3006)			
	01	Driftsutgifter	59 550 000	59 550 000
0007	Tilfeldige utgifter			
	01	Driftsutgifter	4 200 000	4 200 000
0009	Kulturminnetiltak			
	01	Driftsutgifter	2 050 000	2 050 000
0011	Bergmeisteren			
	01	Driftsutgifter	1 600 000	1 600 000
0017	Refusjon til Norsk Polarinstitut			
	50	Refusjon	2 700 000	2 700 000
0018	Fyr og radiofyr			
	01	Driftsutgifter	3 350 000	3 350 000
0020	Staten sine bygningar i Longyearbyen (jf. kap. 3020)			
	01	Driftsutgifter	19 113 000	

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	950 000	20 063 000
0022		Likningsforvaltninga for Svalbard		
	01	Driftsutgifter	2 200 000	2 200 000
		Sum Svalbardbudsjettet		169 453 200
		Sum departementet sine utgifter		169 453 200

Inntekter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Svalbardbudsjettet				
3005		Sysselmannen (jf. kap. 5)		
	01	Diverse inntekter	200 000	200 000
3006		Sysselmannen si transportteneste (jf. kap. 6)		
	01	Leigeinntekter	1 100 000	1 100 000
3020		Staten sine bygningar i Longyear- byen (jf. kap. 20)		
	01	Inntekter	3 740 200	3 740 200
3030		Skattar og avgifter		
	70	Skattar m.m.	41 100 000	
	71	Utførselsavgift	3 100 000	
	72	Utmålsgebyr, årsavgift	1 000 000	45 200 000
3035		Tilskot frå statsbudsjettet		
	70	Tilskot	119 213 000	119 213 000
		Sum Svalbardbudsjettet		169 453 200
		Sum departementet sine inntekter		169 453 200

Forslag til vedtak om formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2004

II

§ 1 Bruksområde for vedtaket

Dette vedtaket gjeld forskotsutskrivning og endeleg utskrivning av skatt på formue og inntekt for inntektsåret 2004 etter føresegnene i lov av 29. november i 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard.

Skattepliktige som nemnde i skattebetalingslova § 1, jf. § 2, og svalbardskattelova § 5-1 første ledd, skal betale forskot på formues- og inntektsskatt til Svalbard for inntektsåret 2004. Ved utrekninga og innbetalinga gjeld føresegnene i dette vedtaket og i skattebetalingslova.

§ 2 Skatt på formue

Skatt på formue blir utrekna etter desse satsane:

- a) Personleg skattepliktig og dødsbu:
 - 0,0 pst. av dei første kr 140 000 av stipulert formue
 - 0,9 pst. av dei neste kr 400 000
 - 1,1 pst. av det overskytande beløpet
- b) Selskap og samanslutning som nemnt i skattelova § 2-36 andre ledd, og som ikkje er friteke for formuesskatteplikt etter skattelova kapittel 2:
 - 0,0 pst. av dei første kr 10 000 av stipulert formue
 - 0,3 pst. av overskytande beløp

§ 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

- a) Inntekt som blir skattlagt ved likning etter svalbardskattelova § 3-1:
 - 10 pst. av alminneleg inntekt
 - Personlege skatteytarar skal ha eit frådrag i alminneleg inntekt på kr 10 000
- b) Inntekt som blir skattlagt ved lønnstrekk etter svalbardskattelova § 3-2:
 - 8 pst.

§ 4 Avrundingsreglar

Ved utrekning av skatt ved likning skal stipulert formue avrundast nedover til næraste heile 1000 kroner, og inntekt avrundast nedover til næraste heile 100 kroner.

Ved utrekning av skatt ved lønnstrekk skal inntekta avrundast nedover til næraste heile krone.

§ 5 Kapitalavkastningsraten for fastsetjing av personinntektsdel av nærings- og selskapsinntekt (deling)

Kapitalavkastningsraten som nemnd i skattelova § 12-13 tredje ledd, jf. svalbardskattelova § 3-1, skal vere den same som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet.

§ 6 Normalrentesatsen for rimeleg lån i arbeidsforhold

Normalrentesatsen som nemnd i skattelova § 5-12 fjerde ledd, jf. svalbardskattelova §§ 3-1 og 3-2, skal vere den same som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet.

Forslag til vedtak om bestillingsfullmakt for budsjetterminen 2004

III
Bestillingsfullmakt

over den totale løyvinga som er gitt under kap. 5,
post 01 på svalbardbudsjettet.

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i
2004 kan bestille varer for inntil kr 3 000 000 ut

Forslag til vedtak om meirinntektsfullmakt for budsjetterminen 2004

IV
Meirinntektsfullmakter

1. kap. 5, post 01, tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3005, post 02
2. kap. 6, post 01, tilsvarende det inntektsførte beløpet under kap. 3006, post 02

Stortinget samtykkjer i at Justisdepartementet i
2004 kan overskride løyvinga under

Forslag til vedtak om avgift av kol som blir utført frå Svalbard for budsjetterminen 2004

V

For budsjetterminen 2004 skal det svarast avgift til statskassen av kol som blir utført frå Svalbard, etter følgjande satsar:

1,0 % av verdien for dei første 100 000 tonna,
0,9 % av verdien for dei neste 200 000 tonna,
0,8 % av verdien for dei neste 300 000 tonna,

0,7 % av verdien for dei neste 400 000 tonna,
0,6 % av verdien for dei neste 500 000 tonna,
0,5 % av verdien for dei neste 600 000 tonna,
0,4 % av verdien for dei neste 700 000 tonna,
0,3 % av verdien for dei neste 800 000 tonna,
0,2 % av verdien for dei neste 900 000 tonna,
0,1 % av verdien for dei neste 1 000 000 tonna.

Vedlegg 1**Oversikt over forslag til utgifter på Svalbard som blir dekte over statsbudsjettet for 2004**

Kap.	post		Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
<i>Utdannings- og forskingsdepartementet</i>					
222 ^{1),3)}	01	Statens grunnskolar og grunnskoleinternat – Longyearbyen skole, driftsutgifter	16 521	17 159	24 700
281	74	Fellesutgifter til universitet og høyskolar – driftsutgifter	39 936	42 000	44 094
283 ^{1),4)}	01	Meteorologisk institutt, drift av stasjonane på Bjørnøya og Hopen og vêrtenesta på Svalbard lufthamn	10 030	10 640	10 780
285 ⁵⁾	52	Noregs forskingsråd	5 500	5 500	15 500
286 ⁹⁾	50	Fondet for forskning og nyskaping, satsing på polarklimaforskning	7 500	7 500	7 500
<i>Kultur- og kyrkjedepartementet</i>					
320	74	Tilskudd til faste tiltak under Norsk kulturråd	123	127	131
326	78	Ymse faste tiltak	137	142	147
335 ²⁾	71	Produksjonstilskudd	310		
<i>Kommunal- og regionaldepartementet</i>					
502	01	Valgutgifter	0	100	0
551	55	Etablererstipend	190		
552 ⁸⁾	72	Nasjonalt samarbeid for regional næringsutvikling		500	3 000
<i>Helsedepartementet</i>					
732 ⁶⁾	75	Tilskudd til Helse Nord RHS			
<i>Barne- og familiedepartementet</i>					
844 ¹⁾	70	Kontantstøtte til småbarnsforeldre		470	505
845 ¹⁾	70	Barnetrygd		4 100	4 200
856 ¹⁾	60	Driftstilskudd til barnehager	3 489	4 100	5 100

Kap.	post		Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
<i>Nærings- og handelsdepartementet</i>					
937	71	Tilskudd Svalbard Reiseliv AS	2 000	2 000	2 000
953	70	Tilskudd Kings Bay AS	13 000	13 000	13 000
<i>Miljøverndepartementet</i>					
1410 ¹⁾		Polarforskning og miljøovervaking	11 500	11 500	12 500
1427		Direktoratet for naturforvaltning	1 350	1 375	1 150
1465 ¹⁾		Statens kartverk	7 400	7 400	7 400
1400		Tilskot til sysselmannens miljøvernarbeid	900	900	900
1471		Norsk Polarinstitutt	51 000	51 000	51 000
<i>Arbeids- og administrasjonsdepartementet</i>					
2445	24	Longyearbyen sykehus	1 066	1 050	
2445	24	Skolebygninger, Longyearbyen	2 419	2 450	2 500
1570 ¹⁾	01	Arbeidstilsynet	272	260	270
1571 ¹⁾		Direktoratet for brann- og elsikkerhet	99	125	130
<i>Samferdselsdepartementet</i>					
1370 ⁷⁾	70	Ulønnsomme posttjenester	11 000	11 000	11 000
Sum			185 742	194 398	217 507

¹⁾ Beløpa er overslag over kor stor del av ei større løyving som gjeld tiltak på Svalbard.

²⁾ Beløpet under kap. 335 Pressestøtte post 71 gjeld tilskot til Svalbardposten. Beløpet er utrekna pr oktober inneverande år med utgangspunkt i opplagstal.

³⁾ Rekneskapstala for 2002 på kap. 222 post 01 er nettoutgifter etter korreksjon for inntektene på kap. 3222 post 02.

⁴⁾ Beløpet er eit overslag. Størsteparten av utgiftene til flyvøtenesta, stipulert til kr 710 000 i 2004, blir refunderte av Avinor.

⁵⁾ Over kap. 285 post 52 er det òg løvd midlar til den norske EISCAT-kontingenten. Delar av denne kontingenten går til drift av EISCAT-radaren i Longyearbyen. I tillegg blir det òg løvd program- og prosjektmidlar som blir fordelte gjennom søknadsprosesser i Noregs forskingsråd over dette kapitlet.

⁶⁾ Frå 2002 er Longyearbyen sjukehus lagt under det regionale helseforetaket for helseregion Nord. Organisatorisk er Longyearbyen sjukehus tilknytt Universitetssjukehuset Nord-Noreg. Dei midlar som tidlegare vart løvd over kap. 738 post 01 er nå lagt inn i løyvinga til Helse Nord kap. 732 post 75. Helse Nord fordelar denne budsjetttrama på sine helseforetak etter egne sjølvstendige vurderingar. Fordelinga for 2004 vil ikkje vere klar før i januar/februar 2004.

⁷⁾ Kjøp av ulønnsame posttjenester på Svalbard utgjer berre ein del av ei større løyving til kjøp av ulønnsame posttjenester over kap. 1370, post 70.

⁸⁾ Svalbardsaker over tidlegare kap. 2425 post 50 Bedrifts og næringsutvikling i distrikta hadde ikkje løyving i 2003, men blir frå og med 2004 lagt inn i kap. 552 post 72. Overslaget for 2004 er usikkert, då det ikkje er øyremerkte midlar til Svalbard over denne posten.

⁹⁾ Basert på at ca. 30% av satsinga på polar klimaforskning finansiert over Forskningsfondet føregår i direkte tilknytning til Svalbard.


Vedlegg 2**Oversikt over forslag til inntekter til Svalbard som inngår
i statsbudsjettet for 2004**

Kap.	post		Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
<i>Arbeids- og administrasjonsdepartementet</i>					
2445 ²⁾	24	Statsbygg, leieinntekter	6 395	7 668	8 401
4571 ¹⁾		Direktoratet for brann- og elsikkerhet	65	65	70
<i>Helsedepartementet</i>					
3738 ³⁾	02	Helsetjenesten på Svalbard – salgs- og leieinntekter			
Sum			6 460	7 733	8 471

¹⁾ Inntektene tilsvarende utgiftene under kap. 1571.

²⁾ Husleige i form av avkastning på kapital (Investeringar med Statsbygg sine fullmaktsmidlar på Svalbard).

³⁾ Frå 2002 er Longyearbyen sjukehus lagt under det regionale helseforetaket for helseregion Nord. Organisatorisk er Longyearbyen sjukehus tilknytt Universitetssjukehuset Nord-Noreg. Budsjettfordelinga for 2004 vil ikkje vere klar før i januar/februar 2004.

Vedlegg 3**Kart over Svalbard**

Figur 3.1